

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for næring</b>
<b>Møtestad:</b>	Stord hotell, Kjøtteinsvegen 67, Leirvik/Stord
<b>Dato:</b>	26.10.2021
<b>Tid:</b>	09:00

### Program

09:00 Opning av møte

09:10 Orienteringar om næringsutvikling i Sunnhordland:

- Næringsalliansen i Sunnhordland/Stord Næringsråd ved dagleg leiar Anne-Grete Sandtorv.
- Maritime Clean Tech ved administrerande direktør Hege Økland.
- Katapulten Sustainable Energy ved administrerande direktør Willie Vaagen
- Atheno ved administrerande direktør Astrid Kjellevoid
- Unitech ved administrerande direktør Gunnar Birkeland
- Wartsila ved administrerande direktør Jane Junger

11:30 Lunsj

12:15 Kystskogbruket i Vestland - Styringsgruppa for «Felles fylkeskommunalt oppfølgingsprogram» i Kystskogbruk ynskjer å treffe fylkeskommunen med tema: korleis skal fylket levere på FNs Bærekraftsmål? - fylket sine enorme muligheiter i skogen.

13:15- Saksbehandling til møtet kan avsluttast

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

### Melding om forfall:

**Eirik Haga (A) og Tom Hiis Bergh (V) stiller som vara for ledige verv.**

Alle medlemer vil få tilsendt ein e-post kor det vert forklart korleis forfall kan registrerast. Denne e-posten vil kome innan to dagar.

Innkallinga gjeld valde medlemer i hovudutval for næring. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Tor André Ljosland

utvalsleiar

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 21/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 22/21	Godkjenning av møteprotokoll får møte i hovudutval for næring 06.10.2021	2020/77170	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 51/21	Regjeringa har varsla store kutt i Interreg-midlar for 2022	2020/62788	
RS 52/21	Det fylkeskommunale tilskotet til eigne fagskular	2021/18979	
RS 53/21	Halvårsrapport INV 1H 2021	2021/1142	
RS 54/21	Kommunesamling - frå plan til handling	2021/50696	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 68/21	Høyring av forslag om prøveordning for rullerande maksimalt tillatt biomasse (RMTB) for kommersielle matfiskløyve for laks og aure	2021/46897	
PS 69/21	Eigarstyring av Fagskulen Vestland og delegeringsreglement	2021/18979	
PS 70/21	Konsekvensar av nullutsleppsvedtaket	2021/19603	
PS 71/21	"Havbyen Bergen", regionalt samarbeid	2021/46394	

**Godkjenningssaker  
GK 21/21 Godkjenning innkalling og sakliste**

---

Saksnr: 2020/77170-28  
Saksbehandlar: Dianne Kilvær

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	22/21	26.10.2021

Godkjenning av møteprotokoll får møte i hovudutval for næring 06.10.2021

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for næring 6. oktober 2021 er lagt ved saka.

Tor André Ljosland (KrF) har gjort framlegg om at forslagsgjevar i PS 67/21 *Vurdering av søknader utanom etablerte søknadsordningar - overskotsmidlar 2020* endrast frå «Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:» til «Karl Vågstøl (H) sette fram slikt forslag på vegne av alle partia:».



**Møteprotokoll**

<b>Utval:</b>	<b>Hovudutval for næring</b>
<b>Møtestad:</b>	Thon Hotel Bergen Airport, Kokstadvegen 3, Kokstad
<b>Dato:</b>	06.10.2021
<b>Tid:</b>	12:30-13.30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Tor André Ljosland	Leiar	KRF
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Mark Taylor	Medlem	MDG
Noralv Distad	Medlem	H
Helge Stormoen	Medlem	FRP
Jana Midelfart-Hoff	Medlem	H
Morten Klementsén	Medlem	UA
Aleksander Øren Heen	Medlem	SP
Sigríð Brattabø Handegard	Nestleiar	SP
Karl Vågstøl	Medlem	H
Marianne Sæhle	Medlem	SV
Terje Søvíknes	Medlem	FRP

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Eirik Haga	Ikkje vald	A
Tom Hiis Bergh	Ikkje vald	V

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Bård Sandal	Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling
Kathrin Jakobsen	Seksjonsleiar for forskning, kompetanse og internasjonalisering
Sølve Sundbø	Seksjonsleiar for grøn vekst, klima og energi
Endre Høgalmen	Seksjonsleiar for naturressursar, landbruk og reiseliv
Ingrid Birkelund	Seksjonsleiar for stad, innovasjon og næringsutvikling
Anne Koch Grønlien	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær
Silje Lyngstad	Rådgjevar politisk sekretariat/møtesekretær

## Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 19/21	Godkjenning innkalling og sakliste		
GK 20/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval fr næring 08.09.2021	2020/77170	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 49/21	Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021	2021/1290	
RS 50/21	Orientering om arbeidet med Handlingsprogram 2022- 20225 for Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.	2021/27440	
	<b>Skriftlege spørsmål</b>		
SI 8/21	Spørsmål frå Midelfart-Hoff (H) - kassering av frukt	2020/39466	
SI 9/21	Spørsmål frå Taylor (MDG) - om vassverk	2020/39466	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 66/21	Høyringsuttale - Forskrift om jakt- og fangsttider 2022-2028	2021/4006	
PS 67/21	Vurdering av søknader utanom etablerte søknadsordningar - overskotsmidlar 2020	2020/72391	

## Godkjenningssaker

### GK 19/21 Godkjenning innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 06.10.2021

Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknader.

### GK 20/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval fr næring 08.09.2021

#### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 06.10.2021

Protokoll frå møtet 8. september 2021 vart godkjent utan merknader.

## Referatsaker

### RS 49/21 Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021

#### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 06.10.2021

Vart referert.

### RS 50/21 Orientering om arbeidet med Handlingsprogram 2022-20225 for Berekraftig verdiskaping. Regional plan for innovasjon og næringsutvikling.

#### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 06.10.2021

Vart referert.

## Skriftlege spørsmål

### SI 8/21 Spørsmål frå Midelfart-Hoff (H) - kassering av frukt

#### Spørsmål frå representanten Jana Midelfart Hoff (H) til møte i næring 06.10.2021:

Årets frukthøst på Vestlandet har vært svært god, ikke minst hva plommer og epler angår. Dette har imidlertid også bydd på problemer hva distribusjon gjelder. Vi har fått informasjon fra fruktbønder om at blant annet flere tonn med plommer er kastet, fordi videre distribusjon ikke har fungert. Dette har også vært tilfellet tidligere.

At store mengder flott frukt må kasseres, er hverken bærekraftig eller økonomisk hensiktsmessig.

- Har man oversikt over hvor mye frukt som måtte kasseres så langt i år og årsakene til dette?
- Hvordan kan fylket i fremtiden bidra til at dette unngås? Kan man tenke seg etablering av supplerende distribusjonsnettverk, markedsføringskampanjer og tilsvarende?
- Er dette noe man vil se på i samarbeid med fylkets fruktbønder?

#### Svar på spørsmål:

2021 har vore eit svært godt fruktår i Vestland, med god kvalitet og godt sal. Høge temperaturar i juli og august, gav rask modning for kvar sort, og at det vart stor overlapping mellom sortar. Dette gav store utfordringar for produsentane med å få hausta til rett tid, for fruktmottaka sin kjøle- og pakkekapasitet og for salsapparatet å få omsett frukta medan kvaliteten var god.

Største utfordringa i 2021 var plommer, der mengdene var større enn rekordåret 2019, men med kortare tid å selja på. For alle pakkeria i Vestland tok det om lag 6 veker frå fyrste plommene vart mottekne til siste innlevering. I eit middelsår, er spennet både 7 og 8 veker. Halve plommetonnasjen i Vestland kom inn i løpet av ei veke i 2021. Sjølv om salet var godt og det var

lite på lager helga før, klarde ikkje marknaden å omsetje dei ekstreme mengdene som kom i veke 34. Tonnasjen på kjølelager auka sterkt på mottaka i alle plommedistrikta.

Det varme vêret førde til rask mogning, og mange produsentar makta ikkje å plukke alt ved rett mogningsgrad. Då dei samstundes måtte i gang med å hauste eple og pære, vart difor denne frukta prioritert og resten av plommene vart hengande att. Plommene som var komne inn på lager, fekk gradvis svakare kvalitet på grunn av auka lagringstid, med større utkast som resultat.

Mottaka i Vestland tok imot nær 1500 tonn plommer i 2021. Truleg vart omlag 20% hengande att i hagane på grunn av marknadssituasjonen og varmt, drivande vår. Det vil alltid vere slik når det er varmt i vêret, at ein del plommer er for mogne og må sleppast på bakken under haustinga. Nok arbeidskapasitet kan også vere ei utfordring for ein del produsentar. Det er også ei klar kost/nyttevurdering bak. Det er ofte ikkje lønsamt å hausta plommer til industri. Det største tapet for produsentane ligg på det som er hausta, men som ikkje vert selt. I 2021 utgjorde dette i overkant av 100 tonn, som er vesentleg meir enn i eit normalår. På landsbasis har ein rekna med at det kan seljast 2.000 - 2.300 tonn plomme i ein sesong, og i år var produksjonen vesentleg over dette. I tillegg var sesongen kort og det var ein svært høg tilførsletopp i veke 34.

For å vera leveringsdyktig i alle år, må produsentane rigga produksjonen slik at det i enkelte år blir for store volum. I eple er det godt utbygd vidareforedling til juice og sider, som tek vare på overskotet til ein akseptabel pris for produsentane. Slik vil det også vera i 2021. Utfordringane er vesentleg større i steinfrukt, særleg i plomme. I Hardanger er det starta eit prøveprosjekt med bruk av steinfrukt til industri, gjennom eit nystarta selskap Frukthagen Hardanger AS. I Sogn og Nordfjord har Balholm og Gardsbrenneriet teke imot nokre tonn utsortert vare, men store mengder utsortert vare har gått til dyrefôr eller blitt levert deponi. Uansett bruk, vil alle plommer som er hausta og ikkje blir selde til konsum vera eit stort økonomisk tap for produsentane.

Det vil vera aktuelt å sjå på felleisløysingar i Vestland kring dette temaet. Fylkeskommunen har eit godt samarbeid med frukt og bærprodusentane og det vil me utvikle vidare til beste for næringa. Njøs frukt og bærsenter som fylkeskommunen har samarbeidsavtale med, har vore til god hjelp med å skaffe grunnlag for dette svaret.

## SI 9/21 Spørsmål frå Taylor (MDG) - om vassverk

**Representanten Mark Taylor (MDG) har stilt slikt spørsmål:**

Samarbeidsplattforma til posisjonen seier:

*Vestland vil vege naturmangfald og miljøvern høgt i saker om vasskraftutbygging. Me vil gjere ei vurdering av dei samla miljøkonsekvensane utover det enkelte prosjekt. Me vil ikkje tillate utbygging av kraftverk, herunder småkraftverk, i verna vassdrag. Eit unntak kan t.d. vere prosjekt som har flaumsikring som hovudargument, eller der utbygginga direkte erstattar bruk av fossile energikjelder.*

Hittil har berre ei sak om vasskraftutbygging kome til politisk handsaming:

Hovudutval for næring PS 6/2019 Svoldal kraftverk - høyringsuttale

Delegeringsreglementet seier:

*Lov om vassdragsreguleringer av 14. 12. 1917 nr. 17*

§ 12. Hovudutval for næring har mynde til å gje uttale i saker om vassdragsregulering, under dette også konsesjonssøknader.

*Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.06. 1990 nr. 50.*

§ 2-1 Fylkesutvalet har mynde til å gje uttale til meldingar med konsekvensutgreiingsprogram og konsesjonssøknader.

Fylkeskommunedirektøren har delegert mynde til å gje uttale i enkle og uproblematisk saker.

Fylkeskommunedirektøren har mynde til å til å trekkje seg frå inngått avtale.

**Spørsmål:**

**Kvifor kjem så få saker om vassdragsregulering og konsesjonssøknader til politisk handsaming?**

Kor mange «enkle og uproblematisk» saker har fylkesdirektøren gitt uttaler i?

Var naturmangfald og miljøvern vege høgt i uttalene til sakene handsama administrativt?

Var det gjort ei vurdering av dei samla miljøkonsekvensane utover det enkelte prosjekt i uttalene?

Var det gitt positive uttaler til utbygging i verna vassdrag?

Utviklingsplanen seier om *Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging (Sogn og Fjordane 2012)* og *Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021 (Justert 2013 etter handsaming i Miljøverndepartementet)* at «Retningslinene i planane fungerer godt som grunnlag for vurdering av konsesjonssaker. Planane vert difor vidareførte i denne perioden for å oppretthalde retningslinene, men ein må vurdere desse på nytt i arbeidet med Regional plan for fornybar energi. Det kan vere behov for ei avgrensa oppdatering av kunnskapsgrunnlaget.»

**Spørsmål:**

Utviklingsplanen seier på side 38 at *Regional plan for fornybar energi* skal ha oppstart i 2021. Når kjem saka om oppstart av *Regional plan for fornybar energi* til politisk handsaming?

Svar frå avdelingsdirektør for innovasjon og næringsutvikling:

**Spørsmål 1:**

Kvifor kjem så få saker om vassdragsregulering og konsesjonssøknader til politisk handsaming?

**Svar:**

Det har kome færre nye vasskraftsaker til Vestland fylke for uttale siste to åra enn det har vore tidlegare. Det var mange saker fremma for nokre år sidan for å rekke fristen for å få elsertifikat, der siste frist for idriftsetting av anlegg som kan delta i ordninga med elsertifikater er 31.12.2021. I 2021 har NVE fokusert mykje på revisjonar av vilkår på eldre konsesjonar. To slike saker har vore til handsaming hjå FUV tidlegare i år og det er planen at tre slike saker skal handsamast i FUV, som er vedtaksmynde i desse sakene, i november. Grunnen til at dei berre er meldt opp i FUV er at høyringsfristen frå NVE ikkje har tillate handsaming i begge utvala.

**Spørsmål 2:**

Kor mange «enkle og uproblematisk» saker har fylkesdirektøren gitt uttaler i?

**Svar:**

Dei sakene knytt til vasskraft det er absolutt flest av er detaljplanar, og endring av desse, der NVE ber fylkeskommunen uttala seg fagleg til planen. Desse har me hatt nokre av i år. Typisk ber NVE fylkeskommunen uttala seg med omsyn til kulturminne i tilknytning til planområdet som ikkje er avklart i konsesjonsprosessen, og vassdrag som ikkje fører anadrom laksefisk, kreps og haustbare artar av innlandsfisk som ikkje er trua. Det er ikkje handsama nye vasskraftkonsesjonar i år. Viss planen er innom andre tema fylkeskommunen har kunnskap om kan vi uttala oss til dette òg. Sjølv om ikkje NVE ber spesifikt om dette.

**Spørsmål 3:**

Var naturmangfald og miljøvern vege høgt i uttalene til sakene handsama administrativt?

**Svar:**

Desse tema skal avklarast så langt det er mogeleg i konsesjonen. Vi ynskjer at alle konsesjonar, så langt det let seg gjere, skal handsamast politisk. På detaljplanane innom gjeve konsesjon uttalar vi oss hovudsakleg på våre ansvarsområde, men kan støtte Statsforvaltaren i sine faglege utgreiingar om naturmangfaldet i planområdet.

**Spørsmål 4:**

Var det gjort ei vurdering av dei samla miljøkonsekvensane utover det enkelte prosjekt i uttalene?

**Svar:**

Dette er vanskeleg å vurdere ved nye saker i dag fordi det i kvar enkelt sak ikkje er krav om å gjere utgreiingar utover arealet i konsesjonen. Nokre år har NVE sendt ut mange søknadar i eit område med felles høyringsfrist og felles handsaming. På grunn av få søknadar så langt i år har ikkje dette skjedd i år. Det er heller ikkje noko god oversikt over miljøstatusar og ulike innverknadar på desse frå etablert og planlagt vasskraft.

**Spørsmål 5:**

Var det gitt positive uttaler til utbygging i verna vassdrag?

**Svar:**

Nei.

**Spørsmål 6:**

Utviklingsplanen seier på side 38 at Regional plan for fornybar energi skal ha oppstart i 2021. Når kjem saka om oppstart av Regional plan for fornybar energi til politisk handsaming?

**Svar:**

Det skal engasjerast ei stilling for å laga denne planen. Rekrutteringsfasen er godt i gang. Noko utgreiingsarbeid er alt i gang i samband med prosjektet « Grøn region Vestland». Arbeidet med planprogrammet startar opp i år. Utkast til Planprogram kan ventast til politisk handsaming fyrste del av 2022.

## Politiske saker

### PS 66/21 Høyringsuttale - Forskrift om jakt- og fangsttider 2022-2028

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar dei føreslegne endringane i forskrifta, med unntak av innskrenka jakttid på kråke.
2. Vestland fylkeskommune viser til at Miljødirektoratet har gitt høve til å kome med innspel på heile forskrifta, og føreslår utvida jakttid på hjort, avgrensa til innmark, i periodane 20.08.-31.08. og 01.01.-31.01. Den utvida jakttida vert grunngitt med behov for betre høve til å ta ut hjort som gir beiteskade. Avgrensinga av den utvida jakta til innmark er av omsyn til andre naturbruksinteresser og ro for dyra.
3. Vestland fylkeskommune føreslår at jakttida på hjort vert sendt på ny høyring i Vestland fylke med to alternativ, enten uendra jakttid på hjort i fylket eller utvida jakttid som føreslått i vedtaket pkt 2.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 06.10.2021

**Aleksander Øren Heen (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 2:

Vestland fylke er uroa for konsekvensane av veksande hjortebestand i fylket. Fylkeskommunen meiner miljødirektoratet må vurdere andre regulatoriske verkemiddel enn jakttid for å redusere hjortebestandane.»

**Avrøysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Heen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

1. Vestland fylkeskommune støttar dei føreslegne endringane i forskrifta, med unntak av innskrenka jakttid på kråke.
2. Vestland fylkeskommune viser til at Miljødirektoratet har gitt høve til å kome med innspel på heile forskrifta, og føreslår utvida jakttid på hjort, avgrensa til innmark, i periodane 20.08.-31.08. og 01.01.-31.01. Den utvida jakttida vert grunngitt med behov for betre høve til å ta ut hjort som gir beiteskade. Avgrensinga av den utvida jakta til innmark er av omsyn til andre naturbruksinteresser og ro for dyra. Vestland fylke er uroa for konsekvensane av veksande hjortebestand i fylket. Fylkeskommunen meiner miljødirektoratet må vurdere andre regulatoriske verkemiddel enn jakttid for å redusere hjortebestandane.
3. Vestland fylkeskommune føreslår at jakttida på hjort vert sendt på ny høyring i Vestland fylke med to alternativ, enten uendra jakttid på hjort i fylket eller utvida jakttid som føreslått i vedtaket pkt. 2.

## PS 67/21 Vurdering av søknader utanom etablerte søknadsordningar - overskotsmidlar 2020

Forslag til vedtak

1. Det vert sett av 600 000 kr til prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket» for 2023-2024. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte når status for åra 2021 og 2022 er kjent, og på bakgrunn av ei tydeleg forankring og samarbeid i partnerskapen.
2. Det vert sett av inntil 3,5 mill kr til støtte til fellespakkeri for frukt og bær i Nordfjord, jf søknad frå Innvik Frukklager. Dette føreset støtte frå andre aktørar, jf finansieringsplanen. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte, og høve til å setje nærmare vilkår for støtta.
3. Det vert sett av inntil 2,25 mill kr til eit sams Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland. Hovudutvalet vil ta stilling til innretninga av dette prosjektet i form av ei eiga sak.
4. Invest in Bergen vert tildelt inntil 450 000 kr til prosjektet «Ocean Innovation Showroom» - eit visningsenter for havnasjonen Norge, fase 2.
5. Stad kommune vert tildelt inntil 500 000 kr til prosjektet «Ringverknadar Stad Skipstunnel fase 1», under føresetnad av at dei tre kommunane i prosjektet også går inn med midlar.
6. Det vert sett av 500 000 kr til støtte til konferansar. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.
7. Det vert sett av inntil 200 000 kr til å støtte mindre søknader. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.
8. Dei resterande 2 mill kr vert disponert i seinare sak i hovudutval for næring.
9. Fylkeskommunedirektøren får høve til å setje nærmare vilkår i tilskotsbrev.

### Saksprotokoll i hovudutval for næring - 06.10.2021

Tor André Ljosland (KrF) sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 8:

Dei resterande 1.75 mill. kr vert disponert til marin satsing. Tildeling til Stad skipstunnel vert auka med kr 250.000 frå kr. 500 000 til kr. 750 000.»

### Avrøysting

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

Ljosland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Det vert sett av 600 000 kr til prosjektet «Redusert klimaavtrykk frå vestlandsjordbruket» for 2023-2024. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte når status for åra 2021 og 2022 er kjent, og på bakgrunn av ei tydeleg forankring og samarbeid i partnerskapen.
2. Det vert sett av inntil 3,5 mill kr til støtte til fellespakkeri for frukt og bær i Nordfjord, jf søknad frå Innvik Frukklager. Dette føreset støtte frå andre aktørar, jf finansieringsplanen. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å gjere endeleg vedtak om støtte, og høve til å setje nærmare vilkår for støtta.
3. Det vert sett av inntil 2,25 mill kr til eit sams Vestlandsprosjekt der landbrukspartnerskapen skal løfte satsinga på frukt, bær og grønt i Vestland. Hovudutvalet vil ta stilling til innretninga av dette prosjektet i form av ei eiga sak.

4. Invest in Bergen vert tildelt inntil 450 000 kr til prosjektet «Ocean Innovation Showroom» - eit visningsenter for havnasjonen Norge, fase 2.
5. Stad kommune vert tildelt inntil 500 000 kr til prosjektet «Ringverknadar Stad Skipstunnel fase 1», under føresetnad av at dei tre kommunane i prosjektet også går inn med midlar.
6. Det vert sett av 500 000 kr til støtte til konferansar. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.
7. Det vert sett av inntil 200 000 kr til å støtte mindre søknader. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å tildele desse midlane.
8. Dei resterande 1.75 mill. kr vert disponert til marin satsing. Tildeling til Stad skipstunnel vert auka med kr 250.000 frå kr. 500 000 til kr. 750 000.
9. Fylkeskommunedirektøren får høve til å setje nærmare vilkår i tilskotsbreva



**Referatsaker**  
**RS 51/21 Regjeringa har varsla store kutt i Interreg-midlar for 2022**

---

Saksnr: 2020/62788-2  
Saksbehandlar Katharine Louise Clarke  
Dato: 22.09.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Avdelingsdirektør Bård Sandal

---

## Regjeringa har varsla store kutt i Interreg-midlar for 2022

### Innleiing

Interreg er eit fellesnamn for EU sine grenseoverskridande samarbeidsprogram. Medlemslanda i EU har avtala ein ny budsjettperiode for 2021-2027 og Norge har bekrefta til EU-kommisjonen at Norge ønskjer å delta i 11 Interregprogram. Programma er samarbeidsprogram under samhøyrepolitikken (Cohesion policy) og er lagt opp til at medlemsland driv felles programmering og felles forvaltning av desse programma. Programma har innsats innan fleire område. Næringsutvikling, klima og miljø, berekraftig transportløyisingar, grøn omstilling og innovasjon vert høgt prioritert. Prosjekt som fremjar godt samarbeid på tvers av sektorar og fagområde kjem også inn som tema i dei nye programma under tema «governance».

Interreg er finansiert over EU sitt budsjett for strukturfonda. Regionalpolitikken er utanfor EØS-avtalen. Regjeringa har derfor vedtatt at Norge skal delta i Interreg i neste programperiode 2021-2027 under same modell som tidlegare programperiodar, der Regjeringa fordeler midlane kvart år over statsbudsjettet. Regjeringa har vedtatt å vidareføre modellen for løyvingar mellom programtypane, der dei grenseregionale A-programma får den største delen av norske Interregmidlar, deretter dei transnasjonale B-programma, medan den lågaste delen går til dei interregionale C-programma.

Regjeringa gjennomfører ei endring i den geografiske inndelinga for deltaking i Interreg for den neste perioden. Dei tre vestlandsfylke har høve til å delta i to B-program, Nordsjøprogrammet og Østersjøprogrammet, i tillegg til C-programma i den nye programperioden. Tilgangen til Interreg B-programmet Nordleg Periferi og Arktis er fjerna for dei tre Vestlandsfylka. Nordland og Troms og Finmark har ikkje lenger høve til å delta i Nordsjøprogrammet. Dei tre Vestlandsfylke deltek berre i B- og C-program i og med at dei ikkje har grenser med nokre EU-land. Den endelege fordelingsnøkkelen for løyvingar mellom programma i EU er rettleiande også for den norske fordelinga.

### Norske fordelingar og endringar

Norge har levert ei oversikt over løyvingar for kvart program Norge deltek i som eit beløp for heile programperioden (sjå tabell 1). Dette gir ei oversikt over det norske budsjettet over heile programperioden. Dette er ein føresetnad for at norske partnerar kan delta i prosjekt. Tal i tabell 1 for programperioden 2021-2027 har vorte levert til programkomiteane og EU-kommisjonen. Det er viktig at programkomiteane på EU-nivå har eit programbudsjett som er føreseieleg for heile perioden sidan dei baserer prosjektmidlar og løns- og administrasjonskostnader til drift av sekretariata på løyvingar frå alle deltakande land. Norge leverer likevel sine programløyvingar med atterhald. Norge har, med sine tildelingar, allereie kuttet i midlane for neste programperioden for nesten alle programområde, unntatt for ØKS og URBACT programma.

Dei norske midlane for dei nye Interreg-programma har vore fordelt i statsbudsjettet for 2021. Oversikten i tabell 1 er laga med utgangspunkt i opphavslege løyvingar som har vore annonsert for 2021 og gjeld for heile programperioden. Samstundes har ikkje Regjeringa fatta noko formell avgjerd om løyvingar for heile programperioden, jf. at Norge gjer årlege løyvingar.

Program	2014-2020 (mill. kr)	2021-2027 (mill. kr)
Kolarctic (A-program)	56	54
Aurora (A-program)	85	83
Sverige-Norge (A-program)	186	160
Øresund Kattegat Skagerrak (ØKS) (A-program)	85	94
<b>SUM A program</b>	<b>412</b>	<b>391</b>
NPA (B-program)	52	50
Nordsjøen (B-program)	85	81
Østersjøen (B-program)	51	50
<b>Sum B program</b>	<b>188</b>	<b>181</b>
Interreg Europe (C-program)	25	21
URBACT (C-program)	1,4	2,5
ESPON (C-program)	8,6	7
Interact (C-program)	0,7	0,7
<b>Sum C program</b>	<b>35,7</b>	<b>31,2</b>

Tabell 1. Norske løyvingar for Interreg 2021-2027 med atterhald om årlege løyvingar over statsbudsjettet. Vestland deltek i programområde merka i raud

### Nye kutt i Interreg-midlar annonsert

KMD kalla EU-rådgjevarar i alle fylkeskommune inn til eit møtet 20. september og informerte at Regjeringa har foreslått store endringar i Interregmidlar som ein del av statsbudsjett for 2022. KMD har fått særskilt lov til å informere både programsekretariata, fylkeskommunane og EU-kommisjonen (DG Regio) om budsjettforslag, sjølv om statsbudsjettet ikkje leggst fram før 12. oktober. Dette fordi programsekretariata er midt i ein budsjetteringsprosess og at desse kutta vil ha stor betydning for programgjennomføring og for norsk innsats og deltaking. Regjeringa foreslår svært store kutt i Interreg midlane (sjå tabell 2 & 3) frå 2021 til 2022 og Vestlandet er hardast ramma sidan ingen av dei tre Vestlandsfylke deltek under A-programma.

NKR mill	2021	2022	nedgang
<b>A program - sum</b>	<b>56,2</b>	<b>42</b>	<b>25 %</b>
Kolarctic	7,8	6,3	19 %
Nord / Aurora	12	9,5	21 %
Norge Sverige	23	17	26 %
ØKS	13,4	9,2	31 %

Tabell 2 - Forslag under statsbudsjett. Kutt i A-program 2021-2022

NKR mill	2021	2022	nedgang
<b>B &amp; C - sum</b>	<b>30</b>	<b>10</b>	<b>67 %</b>
NPA	7,1	4	44 %
Østersjø	7,1	1,9	73 %
Nordsjø	11,6	1,9	84 %
Europe	3	1	67 %
Espon	1	0,6	40 %
Interact	0,1	0,1	0 %
Urbact	0,1	0,1	0 %

Tabell 3 - Forslag under statsbudsjettet. Kutt i B og C program 2021-2022

Det kan berre spekulera i kvifor Regjeringa gjer dette no. Vi går ikkje inn i moglege årsak i dette notatet. KMD opplyser at Regjeringa ønskjer å prioritere desentralisert utdanning, samferdsel og næringsutvikling.

Forslaget er i strid med tal som KMD nyleg leverte til programsekretariata for heile programperioden og i strid med argumentasjon i Proposisjon til Stortinget for budsjettåret 2021 (Prop.1 S KMD). Her står det på side 162 mellom anna:

*«Regionalpolitikk er et område hvor det internasjonale elementet er sentralt. Programmene er relevante virkemidler for å nå norske sektorpolitiske mål og regionalpolitiske mål, både på regionalt og nasjonalt nivå. Gjennom Norges deltakelse i Interreg synliggjøres norske prioriteringer og spesielle utfordringer overfor Europakommisjonen og deltakerlandene. I 2021 starter en ny Interreg-periode, som varer ut 2027. Norge skal delta som en aktiv og likeverdig aktør i samarbeidet.»*

### Konsekvensar for Norge

Det nye forslaget til midlar under B-program vil skape eit lite nålauge og gjere programma uinteressante for norske aktørar å bruke tid på. Midlane vil berre dekkje eit eller to mindre prosjekt kvart år og det blir stor konkurranse om få midlar. Med ei med-finansiering på 50% vil risikoen vere for stor for å satse på dette programmet. Norge har kuttet i Interreg-midlar midt i programperioden ved fleire høve tidlegare. Dette har skapt stor usikkerheit for norske deltakarar. Fylkeskommunane har gjort sentrale myndigheiter merksame på dei negative ringverknadene av slike budsjettkutt fleire gongar. Slike handlingar gjer at Norge ser ut som ein uføreseieleg og ustabil partnar i denne samanheng. Det skaper mykje usikkerheit rundt budsjett og deltaking både på EU-nivå, medlemslandnivå og ikkje minst, for norske prosjektaktørar. Akkurat no, r dei norske aktørane i ein vanskeleg posisjon. Mange har allereie begynt å utvikle prosjekt anten som prosjektpartnar i eit konsortium, eller som prosjektleiar. Det er ingen prosjektutviklingsmidlar for norske partnarar under Interreg, og mange bruker store ressursar for å utvikle partnaraskap og prosjekt.

### Kva gjer fylkeskommunane framover?

Austlandssamarbeida tar opp saka i sitt Europaforum i veke 39 og forsøker å få på plass ei utsegn, både om samarbeid i Norden og Europa generelt og Interreg spesielt, som innspel til Regjeringsforhandlingane og til budsjettet for 2022. Dei har som mål å få alle programma tilbake til 2021 tildelingsnivå og at det nivået held fram vidare i perioden.

KS kjem til å vurdere om det er mogleg å ta dette temaet som ein del av fylkesordførarkollegiet sitt innspel til ny regjeringsplattform. Ann-Irene Sæternes, Fagsjef i Austlandssamarbeid har også orientert Gunn Marit Helgesen om dette som nestleiar i KS og Europaansvarleg.

Rogaland og Møre og Romsdal var ikkje til stades under møtet med KMD. Katharine Clarke, seniorrådgjevar i Vestland fylkeskommune, har derfor informert dei om innhald i etterkant. Som resultat har Birgit Aarønæs, Seksjonssjef internasjonalt arbeid i Møre og Romsdal fylkeskommune, hatt eit møte med fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren i Møre og Romsdal. Dei var begge positive til å ta saka vidare. Fylkesordføraren vil ta opp saka med sine kollegar i Vestland og Rogaland, og Per Vidar Kjølmoen vil ta med seg dette inn i sin nye posisjon som stortingsrepresentant for Ap. Dei ønskjer også ei politisk sak etter at statsbudsjettet er lagt fram, eventuelt også i Vestlandsrådet.

Katharine Clarke, nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet, har hatt eit møte med Marianne Chesak, fylkesordførar i Rogaland. Ho er norsk representant i Executive Committee i Nordsjøkommisjon. Ho ønskjer å bruke dette notatet inn i budsjettforhandlingane. Politikarar i Vestland fylkeskommune kan også bruke denne informasjon inn mot budsjettforhandlingane. Same sak vil kome opp i AU for Vestlandsrådet.

Nasjonalt kontaktpunkt for Nordsjøprogrammet vil rå partnarane til å fortsetje med prosjektutvikling inntil statsbudsjettet er vedtatt før jul i håp om at eit samla initiativ frå alle fylkeskommunane i lag med KS kan få den nye regjeringa til å oppretthalde tildelingar til Interreg i statsbudsjettet for 2022 på same nivå som for 2021.

---

Saksnr: 2021/18979-2  
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro  
Dato: 01.10.2021

---

---

**Til:** Y-nemnda, Hovudutval for opplæring og kompetanse, Hovudutval for næring, Fylkesutvalet og Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesdirektøren

---

### Det fylkeskommunale tilskotet til egne fagskular

Vestland fylkeskommunen ved fylkesutvalet har i møte 09.02.2021 vedteke ei bestilling av sak om eigarstyringa av fagskulen i Vestland som følgjer:

#### Vedtak

Uttale/bestilling av sak: Fagskulen i Vestland

I samband med samanslåinga av fagskulane i Sogn og Fjordane og Hordaland, er det etablert eit eige prosjektstyre. Fagskulen i Vestland blir den nest største fagskulen i landet. Arbeidet er omfattande og det er difor avgjerande at roller og ansvar er så tydeleg som mogeleg. Då må grensesnittet mot opplæringsavdelinga i Vestland fylke vera avklart.

Fylkesutvalet ber om ei sak om eigarstyring av Fagskulen i Vestland. I saka ber ein fylkesdirektøren fremja eit delegasjonsdokument som regulerer forholdet og fordeling av myndighet mellom fagskulestyret/rektor og fylkesadministrasjonen. Rolla til fylkesadministrasjonen og fylkestinget som skuleeigar og den organisatoriske plasseringen av fagskulen i fylkeskommunen, bør også drøftast.

Vidare bør saka sjå nærare på størrelsen på den fylkeskommunale delen av fagskulen sitt budsjett, samt størrelsen på Vestland fylkeskommune sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.

Saka skal leggjast fram for politisk handsaming hausten 2021. Prosjektstyret for Fagskulen i Vestland skal gje uttale til saka før politisk behandling.

Denne meldinga vil svare på spørsmål om storleiken på det fylkeskommunale tilskotet til fagskulane i Vestland fylkeskommune, samt fylkeskommunen sitt bidrag relativt til andre fylkeskommunale fagskular i landet.

**Tilskot til dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland fylkeskommune 2021**

I 2021 var det til saman løyvd kr 143,3 mill. til dei to fylkeskommunale fagskulane med følgjande fordeling:

Fagskule	Fylkeskommunal t tilskot 2021	Statleg tilskot 2021	Sum
Fagskulen i Sogn og Fjordane	9 500 000	18 200 000	27 700 000
Fagskolen i Hordaland	11 900 000	103 700 000	115 600 000

Tabell 1: Fylkeskommunalt og statleg tilskot i 2021 fordelt på Fagskulen i Sogn og Fjordane og Fagskolen i Hordaland.

For Fagskulen i Sogn og Fjordane utgjer det fylkeskommunale tilskotet 34,3 % av det samla tilskotet for 2021, medan det for Fagskolen i Hordaland utgjer 10,3 %. Sjølv om det er stor forskjell i delen av det fylkeskommunale tilskotet mellom dei to fagskulane har det vore eit viktig tilskot i høve til veksten av studentar og tilbod for begge. Til dømes er ein klasse på heitid innan dei tekniske faga ved Fagskolen i Hordaland rekna til å koste om lag 2 mill. i året, og det fylkeskommunale tilskotet sørgjer for tilbod om 6 fleire klassar årleg enn kva det ville ha vore med berre eit statleg tilskot. Ved Fagskulen i Sogn og Fjordane har det fylkeskommunale tilskotet vore avgjerande for drifta.

**Det fylkeskommunale tilskotet i Vestland relativt til andre fylkeskommunale fagskular**

Tabell 2 under viser kva dei 11 fylkeskommunane har løyvd i fylkeskommunalt og statleg tilskot til fagskular i 2020, samt talet på fagskular som det samla tilskotet har vore fordelt til (både offentleg og privat). Tabellen syner ikkje kva fagskular som har motteke fylkeskommunalt tilskot, men dette kjem fram av tabell 3 lengre nede i meldinga. Tabell 2 syner også fylkeskommunal del av det samla tilskotet.

Fylkeskommune	2020			
	Tilskot frå Fylkeskommunen	Tilskot frå Kunnskapsdepartementet (via DIKU)	Totalt tal fagskular	Fylkeskommuna I del av totalt tilskot (%)
Agder fylkeskommune		56 651 322	4	0,0
Innlandet fylkeskommune		61 821 405	4	0,0
Møre og Romsdal fylkeskommune	15 989 000	44 509 000	4	26,4
Nordland fylkeskommune	9 308 418	25 117 000	2	27,0
Oslo fylkeskommune		128 213 782	9	0,0
Rogaland fylkeskommune	8 073 282	75 073 705	3	9,7
Troms og Finnmark fylkeskommune	23 185 305	33 300 000	6	41,0
Trøndelag fylkeskommune	10 474 499	67 856 049	11	13,4
Vestfold og Telemark fylkeskommune		68 187 083	5	0,0
Vestland fylkeskommune	21 110 196	122 379 188	6	14,7
Viken fylkeskommune	15 107 258	103 964 149	11	12,7
<b>Sum</b>	<b>103 247 958</b>	<b>787 072 683</b>	<b>65</b>	

Tabell 2: Oversikt over fylkeskommunalt og statleg tilskot til fagskular frå fylkeskommunane i 2020 (kjelde: DBH-F).

Vidare viser tabell 2 at det var fire fylkeskommunar som ikkje gav eit fylkeskommunalt tilskot i 2020, og at det er Oslo og Vestland fylkeskommunar som har det største statlege tilskotet. Den fylkeskommunen som har løyvd mest fylkeskommunalt tilskot er Troms og Finnmark fylkeskommune med kr 23,1 mill., og nest etter er Vestland fylkeskommune med ei løyving på kr 21,1 mill. Troms og Finnmark er også den fylkeskommunen som gjev høgast del fylkeskommunalt tilskot i høve til det samla tilskotet i fylket (41 %), etterfølgd av Nordland og Møre og Romsdal fylkeskommunar med høvesvis 27 og 26,4 %. Vestland fylkeskommune er nummer 4 med 14,7 %, og er om lag på same nivå som Trøndelag og Viken fylkeskommunar (høvesvis 13,4 og 12,7 %).

Tabell 3 under viser fylkeskommunale fagskular som har fått fylkeskommunalt tilskot i 2020.

Fagskule	2020			
	Tilskot frå Fylkeskommunen	Tilskot frå Kunnskapsdepartementet (via DIKU)	Samla tilskot	Del fylkeskommunalt av samla tilskot (%)
Chr. Thams fagskole	794 912	3 718 169	4 513 081	17,6
Fagskolen i Hordaland	11 745 196	91 515 681	103 260 877	11,4
Fagskolen i Kirkenes	2 636 963	1 418 017	4 054 980	65,0
Fagskolen i Kristiansund	1 467 000	8 484 000	9 951 000	14,7
Fagskolen i Troms	18 214 496	28 511 200	46 725 696	39,0
Fagskolen i Viken*		36 642 331	36 642 331	0,0
Fagskolen i Østfold	7 645 450	12 334 550	19 980 000	38,3
Fagskolen i Ålesund	14 522 000	29 822 000	44 344 000	32,7
Fagskolen Oslo	2 481 233	47 473 438	49 954 671	5,0
Fagskolen Rogaland	7 454 282	46 486 975	53 941 257	13,8
Fagskolen Tinius Olsen	4 980 575	12 767 563	17 748 138	28,1
Fagskolen i Sogn og Fjordane	9 365 000	17 361 512	26 726 512	35,0
Gauldal fagskole	184 138	1 033 392	1 217 530	15,1
Kunstskolen i Stavanger AS	619 000	5 474 400	6 093 400	10,2
Levanger Fagskole	286 037	1 285 425	1 571 462	18,2
Nordkapp maritime fagskole	2 333 846	1 418 016	3 751 862	62,2
Nordland fagskole	9 308 418	23 212 486	32 520 904	28,6
Steinkjer fagskole	469 580	2 837 946	3 307 526	14,2
Stjørdal fagskole	1 529 510	8 362 272	9 891 782	15,5
Trondheim fagskole	2 245 692	13 412 839	15 658 531	14,3
Trøndelag høgere yrkesfagskole	4 364 375	27 881 773	32 246 148	13,5
Ytre Namdal fagskole	600 255	3 533 342	4 133 597	14,5



Tabell 3: Oversikt over fagskular med både fylkeskommunalt og statleg tilskot i 2020 (kjelde: DBH-F).

\*Fagskolen i Viken er ei samanslåing av Fagskolen i Østfold, Akershus sin del av Fagskolen Oslo-Akershus, og Fagskolen Tinius Olsen i Kongsberg, det fylkeskommunale tilskotet er rapportert ved dei tidlegare einingane.

Fagskolen i Troms er den fagskulen som fekk det høgaste fylkeskommunale tilskotet i 2020 med kr 18,2 mill., etterfølgt av Fagskulen i Viken (etter samanslåing) med kr 15,1 mill. Fagskolen i Hordaland er nummer 4 og Fagskulen i Sogn og Fjordane er nummer 5. I høve til del fylkeskommunalt tilskot er det Fagskolen i Kirkenes og Nordkapp maritime fagskole som har høgast del fylkeskommunalt tilskot med høvesvis 65 og 62,2 %. Dette kjem også fram av tabell 4 under.

Fagskule	2020	
	Samla tilskot	Del fylkeskommunalt av samla tilskot (%)
Fagskolen i Kirkenes	4 054 980	65,0
Nordkapp maritime fagskole	3 751 862	62,2
Fagskolen i Troms	46 725 696	39,0
Fagskulen i Sogn og Fjordane	26 726 512	35,0
Fagskolen i Ålesund	44 344 000	32,7
Fagskolen i Viken*	71 983 920	29,2
Nordland fagskole	32 520 904	28,6
Levanger Fagskole	1 571 462	18,2
Chr. Thams fagskole	4 513 081	17,6
Stjørdal fagskole	9 891 782	15,5
Gauldal fagskole	1 217 530	15,1
Fagskolen i Kristiansund	9 951 000	14,7
Ytre Namdal fagskole	4 133 597	14,5
Trondheim fagskole	15 658 531	14,3
Steinkjer fagskole	3 307 526	14,2
Fagskolen Rogaland	53 941 257	13,8
Trøndelag høgere yrkesfagskole	32 246 148	13,5
Fagskolen i Hordaland	103 260 877	11,4

Tabell 4: Prosentdel av det samla tilskotet for fagskular som har motteke fylkeskommunalt tilskot i 2020 (Kjelde: DBH-F).

\*Fagskolen i Viken er slått saman i denne tabellen.

Som nemnt er det fire fylkeskommunar som ikkje har gjeve tilskot til fylkeskommunale fagskular i 2020, og tabell 5 under syner kva fagskular som berre har motteke statleg tilskot.

Fagskule	2020
	Tilskot frå Kunnskapsdepartementet (via DIKU)
Fagskolen i Agder	43 089 000
Fagskolen Innlandet	62 982 070
Fagskolen Oslo	47 473 438
Fagskolen Vestfold og Telemark	53 327 083

Tabell 5: Fylkeskommunale fagskular som ikkje har motteke fylkeskommunalt tilskot i 2020 (Kjelde: DBH-F).

For dei to fagskulane i Vestland fylkeskommune er det fylkeskommunale tilskotet berre tilskot til drift av utdanningane, medan kostnader knytt til husleige, reinhald, noko IKT, straum og varme, kjem i tillegg til dette. Dei nemnte driftskostnadene knytt til skulebygg vert dekt av fylkesadministrasjonen i Vestland fylkeskommune. I samband med denne meldinga har det også blitt undersøkt kva det fylkeskommunale tilskotet dekker ved dei andre fylkeskommunale fagskulane, og trenden er i all hovudsak den same som i Vestland fylkeskommune.



---

Saksnr: 2021/1142-6  
Saksbehandlar: Gisle Johanson  
Dato: 27.09.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Avdelingsdirektør Bård Sandal

---

## Halvårsrapport Innovasjon Norge Vestland 1. halvår 2021

Hovudutval for næring løyva i møte 17. februar 2021 til saman kr 75 766 000 til Innovasjon Norge Vestland for 2021. Innanfor løyvinga vart følgande midlar øyremerka:

- Bedriftsnettverk kr 4 000 000
- Mentortenesta kr 1 500 000
- Etablerartilskott marknadsavklaring kr 5 000 000
- Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar i distrikta kr 65 266 000

I rapport til fylkeskommunane etter første halvår 2021 melder innovasjon Norge om forbruk av administrasjon- og gjennomføringskostnader for ordningane som finansierast over Statsbudsjettet kap 553, kap 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling:

Innanfor løyvingsramma er det gitt tilsegn til kundar på til saman kr 35 651 500 pr. 30. juni 2021. Distriktsretta tilskott står for kr 30 264 000 av dette.

Innovasjon Norge Vestland har nytta kr 4 687 634 til gjennomføring av dei ulike ordningane.

Innvilga tilsegn og påløpte gjennomføringskostnadar fordelar seg på dei ulike ordningane:

	Tilsegn	Kostnader	Løyving i oppdragsbrev for 2021
<b>Mentorordninga</b>	472 500	192 747	1 500 000
<b>Etablerartilskott til marknadsavklaring</b>	2 365 000	760 365	5 000 000
<b>Distriktsretta tilskott</b>	30 264 000	1 998 197	65 266 000
<b>Bedriftsnettverk</b>	2 550 000	352 759	4 000 000
<b>Sum</b>	<b>25 651 500</b>	<b>3 303 765</b>	<b>75 766 000</b>

Innovasjon Norge Vestland opplyser at etterspørselen etter midlar til tidligfase-midlar (Mentorordninga og Etablerartilskott) har vore noko lågare enn forventa. Dette kan vere ein følgje av at det var svært høg tidligfase-aktivitet i 2020 grunna pandemien. Etterspørsel etter midlar under Distriktsretta tilskott og Bedriftsnettverk er om lag som planlagt.

Innovasjon Norge legg til grunn ulike satser for gjennomføringskostnader for dei ulike ordningane. Tabellen under viser dei generelle satsane og den realiserte andelen (gjennomføringskostnadane i høve til sum av tilsegn/ gjennomføringskostnader) for Innovasjon Norge Vestland.

	Gjennomføringssatser	Realisert andel Innovasjon Norge Vestland 1 H 2021
Mentorordninga	40 %	29%
Etablerartilskott til marknadsavklaring	15%	24%
Distriktsretta tilskott	8%	6%
Bedriftsnettverk	15%	12%

## Vedlegg

- 1 Rapport til FK om adm- og gjennomføringskostnader kap. 553 post 61 pr 30.06.2021

Rapport til fylkeskommunene om forbruk på KMD kap. 553 post 61  
Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling:

- Rammeforbruk pr. 30.06.2021
- Påløpte administrasjons- og gjennomføringskostnader pr. 30.06.2021

Oslo, 31.08.2021

## Innholdsfortegnelse

1. Bakgrunn .....	3
2. Rammeutnyttelse pr. 30.06.2021 for kap. 553 post 61 pr. fylke .....	4
2.1 Kommentarer til rammeforbruket .....	4
3. Administrasjons- og gjennomføringskostnader pr. 30.06.2021 .....	6
3.1 Kommentarer til kostnadspådraget .....	6
3.1.1 Mentortjenesten .....	7
3.1.2 Markedsavklaringstilskudd .....	7
3.1.3 Distriktsrettede tilskudd .....	7
3.1.4 Bedriftsnettverk .....	8
3.2 Udisponert gjennomføringsfinansiering i 2020 som er overført til 2021-budsjettet .....	9
4. Beregning av uttak av gjennomføringsfinansiering per ordning fra hver enkelt fylkesramme .....	9

## 1. Bakgrunn

I henhold til malen for oppdragsbrev fra fylkeskommunene til Innovasjon Norge, skal Innovasjon Norge rapportere til fylkeskommunene om påløpte administrasjons- og gjennomføringskostnader for de ordningene som finansieres over kap. 553, post 61 Mobiliserende og kvalifiserende næringsutvikling én gang pr år.

Etter nærmere dialog med representanter for fylkeskommunene, har man blitt enige om å gi en slik rapportering én gang pr. halvår, da fylkeskommunene ønsker å bli mer løpende orientert om utviklingen knyttet til disse kostnadene i den regionale styringsdialogen. Denne rapporten viser tallene per 30. juni 2021.

<p><u>§1-1 Lovgrunnlaget - relasjonen mellom skuleeigar og styret</u>            1) Fagskular er underlagt lov av 08.06.2018 om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemdar.</p> <p>2) Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.</p> <p>3) Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.</p> <p>4) Skuleeigar skal utøve eigarskap på tre måtar            a) Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret            b) Finansiering            c) Styret sine vedtekter</p>	<p><u>§1-1 Lovgrunnlaget - relasjonen mellom skuleeigar og styret</u>            1. Fagskular er underlagt lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) med forskrifter samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemdar i fylkeskommunen.</p> <p>2. Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskulen Vestland. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.</p> <p>3. Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.</p> <p>4. Skuleeigar (fylkestinget) utøvar eigarskap på følgjande måtar            a. Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret            b. Finansiering            c. Styret sine vedtekter            d. Målstyring gjennom kompetansopolitikk og tilskotsforvaltning</p> <p>5. Fylkesdirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringrett overfor styret eller rektor ved fagskulen så lenge utøvinga av virket er i tråd med styret sin kompetanse.</p>	



	<p>6. I saker der styret eller rektor ikkje har kompetanse kan fylkesdirektøren instruere styret og rektor om at eit vedtak ved fagskulen ikkje skal iverksetjast før fylkestinget har handsama saka.</p> <p>7. Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttale før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.</p>	
<p><u>§ 1-2 Samansetning og oppnemning av styret</u>  1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemmar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.</p> <p>2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Tilsett- og studentrepresentant vert valt av og blant tilsette og studentar. Styremedlemar kan veljast igjen.</p> <p>3) Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den enskilde valkrets.</p> <p>4) Styret for Fagskolen i Hordaland og styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane skal ha følgjande samansetning:  a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og</p>	<p><u>§ 1-2 Samansetning og oppnemning av styret</u>  1. Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemmar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.</p> <p>2. Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Jf. fagskulelova § 10 vert tilsett- og studentrepresentant valt av og blant tilsette og studentar. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.</p> <p>3. Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den enskilde valkrets.</p> <p>4. Styret for Fagskulen Vestland skal ha følgjande samansetning:  a. Fire representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og</p>	<p>I denne paragrafen er det føreslått ei endring i samansetninga av styret, lik den samansetninga som er vedteke for prosjektstyret for Fagskulen Vestland.</p>



<p>kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og med to varamedlemar.</p> <p>b) Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.</p> <p>c) Tre representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.</p> <p>d) Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.</p> <p>e) Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.</p>	<p>kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, og med to varamedlemar.</p> <p>b. Ein representant frå fylkesdirektøren med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.</p> <p>c. To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.</p> <p>d. Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.</p> <p>e. Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.</p> <p>5. Rektor kan ikkje vere medlem av styret.</p>	
<p><u>§ 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte</u></p> <p>1) Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.</p> <p>2) Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).</p> <p>3) Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.</p> <p>4) Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.</p> <p>5) Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde.</p> <p>6) Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.</p>	<p><u>§ 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte</u></p> <p>1. Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.</p> <p>2. Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).</p> <p>3. Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.</p> <p>4. Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.</p> <p>5. Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune.</p> <p>6. Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.</p> <p>7. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse er observatør i</p>	<p>I denne paragraf er det foreslått lagt til at avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse kan møte som observatør i møta, med møte og talerett. Dette vart foreslått i rapporten frå DP 1.8 Fagskule, men vart ikkje teke inn i vedtektene den gang.</p>

	styremøta og har møte- og talerett i styret.	
<b>2 Styret sitt ansvar, mynde og oppgaver</b>	<b>2 Styret sitt mynde, ansvar og oppgaver</b>	
<p><u>§ 2-1 Oppgaver og mynde</u></p> <p>1) Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.</p> <p>Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.</p> <p>Dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemdar vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbudsstruktur og utdanningstilbod.</p> <p>2) Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbudd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.</p> <p>3) Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.</p> <p>4) Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal verte høyrd før ein rektor vert tilsett. Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte.</p> <p>5) Styret sjølv skal fatte vedtak om det etter styret sitt skjønner er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.</p> <p>6) Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.</p>	<p><u>§ 2-1 Mynde</u></p> <p>1. Styret har mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld fagskulen innanfor styret sin kompetanse.</p> <p>2. Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal høyrast før rektor vert tilsett.</p> <p>Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte jf. fagskulelova § 12.</p> <p>Styret har fagleg oppfølgingsansvar for rektor. Fylkesdirektøren gjev administrativ støtte i personalforvaltninga og ivaretek personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.</p> <p>Rektor er ansvarleg for den daglege drifta av fagskulen. Rektor er underordna styret og skal følge dei retningslinjene og påleggja som styret gir. Rektor har det løpande personalansvaret for fagskulen, inkludert tilsettingar og tenestelege reaksjonar.</p> <p>Dagleg leiing er ikkje omfatta av saker som er av uvanleg art eller av stor tyding for føretaket.</p> <p>3. Styret sjølv skal fatte vedtak om at det etter styret sitt skjønner er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.</p> <p>4. Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.</p>	<p>I kapittel 2 vert det foreslått å dele opp føresegner om oppgaver og mynde i to paragrafar.</p>

<p>7) Styret er ansvarleg for at det vert gjeve forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjonar, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming.</p> <p>8) Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.</p>	<p>5. Styret skal gje forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjonar, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming i tråd med fagskulelova og forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning.</p> <p>6. Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.</p>	
<p><u>§ 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga</u></p> <p>1) Styret skal:</p> <p>a) Sørge for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for</p> <p>b) Sørge for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt</p> <p>c) Sørge for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søker utdanning er korrekte og fullstendige</p> <p>d) Sørge for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkerar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.</p> <p>e) Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.</p> <p>f) Sørge for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og reglar, og etablere og sørge for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.</p> <p>2) Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana,</p>	<p><u>§ 2-2 Ansvar og oppgåver</u></p> <p>1. Styret skal sjå til at fagskulen vert drifta i samsvar med lover og forskrifter, fagskulen sitt føremål og vedtekter, samt fylkeskommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Ressursane skal nyttast effektivt og i samsvar med gjeldande reglar, føresetnader og god skikk.</p> <p>2. Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.</p> <p>3. Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.</p> <p>4. Fagskulen Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemdar vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.</p> <p>5. Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også</p>	

<p>legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.</p>	<p>økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbydd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.</p> <p>6. Rektor skal minst to gongar i året rapportere til styret om utviklinga i inntekter og utgifter i høve til fagskulen sitt årsbudsjett. Om utviklinga tilseier vesentlege avvik frå årsbudsjettet skal rektor føreslå endringar i dette. Styret skal endre årsbudsjett når det er naudsynt for å fylla krava til realisme og balanse innanfor tildelt økonomisk ramme jf. Kommuneleva § 14-4.</p> <p>7. Styret skal gjennom budsjettåret, som ein del av fylkeskommunen sin rekneskapsrapportering til fylkestinget, rapportere til fylkesdirektøren.</p> <p>8. Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.</p> <p>9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkestinget seinast 31. mars kvart år, og styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.</p> <p>10. Styret representerer fagskulen utad og inngår avtalar på vegner av fylkeskommunen innanfor føretaket sitt føremål. Styret kan ikkje inngå avtalar som går utover styret sitt mynde eller dei økonomiske rammene for fagskulen. Styret kan delegere representasjon til einskilde medlem i styret. Rektor representerer fagskulen utad i saker innanfor rektor sitt mynde jf. § 2-1 punkt 3.</p>	
	<p><u>§ 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga</u></p> <p>1. Styret skal jf. fagskulelova § 9:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Sørge for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for</li> <li>b. Sørge for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt</li> <li>c. Sørge for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og</li> </ul>	

	<p>dei som søker utdanning er korrekte og fullstendige</p> <p>d. Sørgje for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.</p> <p>e. Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.</p> <p>f. Sørgje for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørgje for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.</p> <p>2. Styret kan delegera sitt mynde til andre ved fagskulen om det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak.</p> <p>3. Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.</p>	
--	---	--

## Organisatorisk plassering av fagskulen

Dei to fylkeskommunale fagskulane er i dag organisatorisk lagt til Avdeling for opplæring og kompetanse. Dei fleste andre fylkeskommunane har organisert seg slik. Vestfold og Telemark, og Troms og Finnmark fylkeskommunar har valt ei anna løysing, og den fylkeskommunale fagskulen er her lagt til næringsavdelinga.

Avdeling for innovasjon og næring i Vestland fylkeskommune har samanfallande interesser med både fagskulen og avdeling for opplæring og kompetanse i høve til kompetansepolitikk, regional utvikling og ivaretaking av det regionale og lokale kompetansebehovet. Likevel vil det vere føremålstenleg at Fagskulen Vestland fortsett ligg til opplæring og kompetanse. Avdeling for opplæring og kompetanse har driftsansvar for alle dei vidaregåande skulane, og gjennom dette vert også fagskulane følgt opp gjennom systemstøtte og økonomi. Avdelinga har kompetanse på skuledrift, og sjølv om fagskuledrifta på fleire områder skil seg frå vidaregåande opplæring, vil ein kunne gjere naudsynte tilpassingar.

Vidare har avdeling for opplæring og kompetanse ansvar for kompetansepolitikk saman med innovasjon og næring, i tillegg til at førstnemnte har ansvar for tildeling av tilskot til både offentlege og fylkeskommunale fagskular.

Innovasjon og næring er representert i fagskulen gjennom styret, då både avdelingsdirektør for innovasjon og næring, samt ein folkevald frå hovudutval for næring er medlem av styret. Fagskulane har også tradisjon for å samarbeide med Avdeling for innovasjon og næring, og den organisatoriske plasseringa i opplæring og kompetanse er såleis ikkje eit hinder for dette. Døme på prosjekter er dei internasjonale prosjekta RIGHT og ALBATT. Fagskulane er også medlem av Kompetanseforum Vestland, som har delt leiing frå avdelingsdirektørane for innovasjon og næring og opplæring og kompetanse.

På bakgrunn av dette vil fylkesdirektøren tilrå at av fagskulane i fylkeskommunen organisatorisk vert lagt som i dag til avdeling for opplæring og kompetanse.

## Vedtakskompetanse

Fylkestinget som skuleeigar oppnemner styret for ein fylkeskommunal fagskule, fastset vedtekter og budsjett.

## Vurderingar og verknader

### **Økonomi:**

Ingen kjent effekt.

### **Klima:**

Ingen kjent effekt.

### **Folkehelse:**

Ingen kjent effekt.

### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Saka støttar opp om Regional plan for kompetanse og arbeidskraft i høve til fylkeskommunen sitt ansvar for regional kompetansepolitikk.

## Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil fylkesdirektøren tilrå at fylkestinget utøver eigarskapet av Fagskulen Vestland gjennom styringssignal og målstyring i samband med planar for regional kompetansepolitikk og fordeling av fylkeskommunalt tilskot til fagskulesektoren. Vidare vert det tilrådd at styret må leggje fram årsmelding med orientering for fylkestinget innan 31. mars kvart år.

Fylkesdirektøren vil også tilrå at personalansvaret for rektor vert lagt i linja under fylkesdirektøren slik at fylkeskommunen sikrar at personalforvaltninga ved fagskulen er i tråd med personalforvaltninga elles i fylkeskommunen. Styret er øvste styringsorgan for Fagskulen Vestland og har fagleg oppfølgingsansvar for rektor, samt ansvar for drifta av fagskulen i tråd med fagskulelova med forskrifter.

For å tydeleggjere fordelinga av kompetanse mellom fylkestinget og styret, samt fordeling av oppgåver mellom styret og fylkesdirektøren vert det tilrådd at vedtektene for styret vert endra i tråd med saksframlegget.

Til slutt vil fylkesdirektøren tilrå at Fagskulen Vestland fortsett vert organisert under Avdeling for opplæring og kompetanse.

# Styrevedtekter

Styret for Fagskolen i Hordaland

Styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane

Vedteke av fylkestinget *17.12.2019*

Erstattar:

Styrevedtekter – Styret for Fagskolen i Hordaland av 02.10.2018

Vedtekter for Fagskolen i Sogn og Fjordane av 26.09.2018

Lovheimel: Lov om høgere yrkesfaglig utdanning NR. 28 – 08.06.2018

## 1 STYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

### §1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret

- 1) Fagskular er underlagt lov av 08.06.2018 om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemder.
- 2) Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskolen i Hordaland og Fagskulen i Sogn og Fjordane. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.
- 3) Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.
- 4) Skuleeigar skal utøve eigarskap på tre måtar
  - a) Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret
  - b) Finansiering
  - c) Styret sine vedtekter

### § 1-2 Samansetning og oppnemning av styret

- 1) Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.
- 2) Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Tilsett- og studentrepresentant vert valt av og blant tilsette og studentar. Styremedlemar kan veljast igjen.
- 3) Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.
- 4) Styret for Fagskolen i Hordaland og styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane skal ha følgjande samansetning:
  - a) Tre representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, og med to varamedlemar.
  - b) Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
  - c) Tre representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesrådmannen.
  - d) Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.
  - e) Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.



## § 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte

- 1) Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.
- 2) Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).
- 3) Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.
- 4) Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.
- 5) Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde.
- 6) Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.

## 2 STYRET SITT ANSVAR, MYNDE OG OPPGÅVER

### § 2-1 Oppgåver og mynde

- 1) Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafor dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.

Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.

Dei fylkeskommunale fagskulane i Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemdar vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbudsstruktur og utdanningstilbod.

- 2) Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbudd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.
- 3) Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.
- 4) Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal verte høyrd før ein rektor vert tilsett. Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte.
- 5) Styret sjølv skal fatte vedtak om det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.
- 6) Styret kan delegerer avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.

- 7) Styret er ansvarleg for at det vert gjeve forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjoner, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming.
- 8) Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

## **§ 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga**

- 1) Styret skal:
  - a) Sørge for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for
  - b) Sørge for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
  - c) Sørge for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søker utdanning er korrekte og fullstendige
  - d) Sørge for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
  - e) Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.
  - f) Sørge for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og reglar, og etablere og sørge for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.
- 2) Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.

# Styrevedtekter

Styret for Fagskolen Vestland

**Vedteke av fylkestinget [DATO]**

Erstatter:

Styrevedtekter av 17.12.2019

Styret for Fagskolen i Hordaland, Styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane

Lovheimel: Lov 8. Juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning

## 1. STYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

### §1-1 Lovgrunnlaget - relasjonen mellom skuleeigar og styret

1. Fagskular er underlagt lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) med forskrifter samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemdar i fylkeskommunen.
2. Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskulen Vestland. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.
3. Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemmar.
4. Skuleeigar (fylkestinget) utøvar eigarskap på følgjande måtar
  - a. Val av styremedlemmar og eventuelt avsetting av styret
  - b. Finansiering
  - c. Styret sine vedtekter
  - d. Målstyring gjennom kompetansepolitikk og tilskotsforvaltning
5. Fylkesdirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjæringsrett overfor styret eller rektor ved fagskulen så lenge utøvinga av virket er i tråd med styret sin kompetanse.
6. I saker der styret eller rektor ikkje har kompetanse kan fylkesdirektøren instruere styret og rektor om at eit vedtak ved fagskulen ikkje skal iverksetjast før fylkestinget har handsama saka.
7. Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttlæe før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.

### § 1-2 Samansetning og oppnemning av styret

1. Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemmar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemmane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemmar for medlemmane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemmane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemmane.
2. Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Jf. fagskulelova § 10 vert tilsett- og studentrepresentant valt av og blant tilsette og studentar. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemmar kan veljast igjen.
3. Ved val av styremedlemmar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.
4. Styret for Fagskulen Vestland skal ha følgjande samansetning:
  - a. Fire representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå

- hovudutval for næring, og med to varamedlemar.
- b. Ein representant frå fylkesadministrasjonen med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.
  - c. To representantar frå relevant arbeids- og næringsliv med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.
  - d. Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.
  - e. Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.
5. Rektor kan ikkje vere medlem av styret.

### § 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte

1. Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til ein skilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiaren med dobbelstemme.
2. Styremøta vert leia av styreleiaren. Om ikkje styreleiaren er til stade utpeikar styret ein møteleiaren (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).
3. Styret vert kalla inn av styreleiaren eller når minst to styremedlemar krev det.
4. Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiaren før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.
5. Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune.
6. Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.
7. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse er observatør i styremøta og har møte- og talerett i styret.

## 2. STYRET SITT MYNDE, ANSVAR OG OPPGÅVER

### § 2-1 Mynde

1. Styret har mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld fagskulen innanfor styret sin kompetanse.
2. Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal høyrast før rektor vert tilsett.

Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte jf. fagskulelova § 12.

Styret har fagleg oppfølgingsansvar for rektor. Fylkesdirektøren gjev administrativ støtte

i personalforvaltninga og ivaretek personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

Rektor er ansvarleg for den daglege drifta av fagskulen. Rektor er underordna styret og skal følge dei retningslinjene og pålegga som styret gir. Rektor har det løpande personalansvaret for fagskulen, inkludert tilsettingar og tenestelege reaksjonar.

Dagleg leiing er ikkje omfatta av saker som er av uvanleg art eller av stor tyding for føretaket.

3. Styret sjølv skal fatte vedtak om at det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.
4. Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.
5. Styret skal gje forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjoner, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming i tråd med fagskulelova og forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning.
6. Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

## § 2-2 Ansvar og oppgåver

1. Styret skal sjå til at fagskulen vert drifta i samsvar med lover og forskrifter, fagskulen sitt føremål og vedtekter, samt fylkeskommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Ressursane skal nyttast effektivt og i samsvar med gjeldande reglar, føresetnader og god skikk.
2. Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafør dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.
3. Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.
4. Fagskulen Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemdar vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.
5. Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd som vert tilbydd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.
6. Rektor skal minst to gongar i året rapportere til styret om utviklinga i inntekter og utgifter i høve til fagskulen sitt årsbudsjett. Om utviklinga tilseier vesentlege avvik frå årsbudsjettet skal rektor føreslå endringar i dette. Styret skal endre årsbudsjett når det er naudsynt for å fylla krava til realisme og balanse innanfor tildelt økonomisk ramme jf. Kommuneleova § 14-4.

7. Styret skal gjennom budsjettåret, som ein del av fylkeskommunen sin rekneskapsrapportering til fylkestinget, rapportere til fylkesdirektøren.
8. Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.
9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkestinget seinast 31. mars kvart år, og styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.
10. Styret representerer fagskulen utad og inngår avtalar på vegner av fylkeskommunen innanfor føretaket sitt føremål. Styret kan ikkje inngå avtalar som går utover styret sitt mynde eller dei økonomiske rammene for fagskulen. Styret kan delegere representasjon til ein skilde medlem i styret. Rektor representerer fagskulen utad i saker innanfor rektor sitt mynde jf. § 2-1 punkt 3.

## § 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga

1. Styret skal jf. fagskulelova § 9:
  - a. Sørge for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for
  - b. Sørge for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
  - c. Sørge for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søker utdanning er korrekte og fullstendige
  - d. Sørge for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkerar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
  - e. Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.
  - f. Sørge for at verksemda vert drifra i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørge for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.
2. Styret kan delegere sitt mynde til andre ved fagskulen om det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak.
3. Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.

---

Saksnr: 2021/19603-3  
Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	70/21	26.10.2021

## Konsekvensar av nullutsleppsvedtaket

### Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vil gå i dialog med staten om etablering av landstraum i Flåm og be dei om å følgje opp vedtak frå Stortinget, samt be om at det frå statleg hald må ytast ei støtte som gjer det forsvarleg å etablere landstraum i Flåm.

### Samandrag

Frå 2026 må båtreisa til Flåm og verdsarvområdet skje utan utslepp, jf. Stortinget sitt vedtak om dette. Aurland Hamnevesen har planar om å bygge landstraumanlegg i Flåm. Dette er støtta av ENOVA. Men det ligg ei stor uvisse i denne investeringa i og med at ein i ein mellomperiode frå 2026 vil ha færre anløp og derav lågare inntening på eit landstaumanlegg, og det er også uklart kva tid ein kan rekne med at det kjem skip inn fjorden att. Stortinget har bedd regjeringa om å føreslå tiltak som sikrar verdsarvfjordane som anløpshamn for cruiseskip også etter 2026, m.a. ved at staten sikrar etablering av landstraum i Flåm som planlagt innan 2022. Gjennom denne saka oppdaterer vi om desse problemstillingane, også litt om den teknologiske utviklinga. Og gjennom denne saka ønskjer vi å seie klart frå at ein frå statleg hald no må legge opp til støtteordningar som gjer det råd å realisere landstraum i Flåm. På sikt vil dette uansett vere eit godt tiltak, sjølv om det i ein mellomperiode vil knyte seg uvisse til kundegrnlaget.

Bård Sandal  
Avdelingsdirektør

Endre Høgalmenl  
Seksjonssjef naturressursar, landbruk  
og reiseliv

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Flåm er i ei særstilling. Flåm har om lag 400 fastbuande, men hadde i 2019 1,5 million besøkande. Flåm har vore ein av Norges største cruisedestinasjonar. Dette gjev store mulegheiter, men og store utfordringar for ei lita bygd og ein liten kommune. Reiselivsnæringa er livsgrunnlaget for dei fleste som bur og arbeider i bygda. Næringa er avhengig av dei besøkande og er blant anna bygd opp kring cruiseturismen.

Med 1,5 million besøkande på eit år, der størstedelen kjem sommarmånadane, så seier det seg sjølv at dette stiller eit betydeleg større krav til kommunale tenester, beredskap og infrastruktur enn storleiken på bygda tilseier. Som andre typiske turiststadar er heilårsarbeidsplassar ei utfordring for Flåm. Flåm har arbeidd godt med å utvikle eit heilårsreiseliv og med det heilårsarbeidsplassar. Men med koronapandemien og med nullutsleppsvedtaket er dette arbeidet naturlegvis blitt råka.

Nærøyfjorden med omgivnadar blei i 2005, saman med Geirangerfjorden, innskrive på UNESCO si verdsarvliste. Av dei 8 norske døma på kultur- og naturarv som er skrive inn på lista er det berre «Vestnorsk fjordlandskap» som er skrive inn som eit døme på unik naturarv. Dette gjer Nærøyfjordområdet til ein attraktiv stad å besøke.

### Nullutsleppskravet og landstraum

3. mai 2018 fatta Stortinget følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen implementere krav og reguleringer til utslipp fra cruiseskip og annen skipstrafikk i turistfjorder samt andre egnede virkemidler for å sørge for innfasing av lav og nullutslippsløsninger i skipsfarten fram mot 2030 herunder krav om nullutslipp fra turistskip- og ferger i verdensarvfjordene så snart som det er teknisk gjennomførbart og senest innen 2026».

18. februar 2021 behandla Stortinget eit representantforslag om å utsette kravet om nullutslepp i verdsarvfjordane. Representantforslaget blei ikkje vedtatt. Men dei fatta følgjande vedtak:

Vedtak 690: «Stortinget ber regjeringen bidra til gjennomføring av tiltak initiert av lokale og regionale myndigheter, som reduserer utslipp i verdsarvfjordene».

Vedtak 691: «Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer verdsarvfjordene som anløpshavn for cruisebåtar også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022».

Usikkerheit kring 2026 nullutsleppsvedtaket og vedtak 690 og 691 er krevjande for lokalsamfunnet i Flåm der delar av næringslivet er avhengig av cruisetrafikken. Vedtaket gjeld ikkje for heile landet, men for to avgrensa område i Noreg: Nærøyfjorden og Geirangerfjorden. Dette vil truleg vri konkurransen ved at fartøy som ikkje kan drivast utan utslepp må velje område som ikkje er omfatta av dei same reglane. Til tross for at nullutsleppsteknologiar er velutprøvd i nokre segment innan maritime næringar, vil det truleg vere få cruiseskip som kan nytte nullutsleppsløysingar i verdsarvfjordane 2026. Tiltaket kan dermed få store konsekvensar for nokre avgrensa geografiske område, samstundes som den totale miljøbelastninga er uendra, eller til og med negativ. Reiselivsaktørane og hamna ventar at cruiseskipa vil nytte kai utanfor verdsarvfjordane, og busse gjestane inn til verdsarvområda.

### Vurderingar og verknader

Det er svært kostbart å byggje landstraum til cruiseskip. For kaianlegget i Flåm er det estimert ein kostnad på 120 mill. kr. Tilskotet frå ENOVA som dei har fått er på 27 mill. kr. Det betyr at dei manglar ei investering nærmare 100 mill. kr, og det er svært mykje for ein liten kommune. I tillegg trengs investeringar til anlegg for andre og mindre båtar. Den investeringa er ikkje med i estimatet på 120 mill. kr. Nullutsleppskravet utløyser i tillegg trong for mottaksanlegg for kloakk og gråvatn. Dagens anlegg er ikkje dimensjonert for å ta imot kloakk og gråvatn frå skip utan vesentleg oppgradering.

Det hastar for Flåm å kome i gang med landstraumanlegget, men risiko og usikkerheit gjer at det første spadetaket ikkje er tatt endå. Det er eit krav frå ENOVA om at landstraumanlegget skal vere oppe å gå seinast 1. juli 2022, i tillegg har ein vedtaket frå Stortinget som ber regjeringa sikre etablering av landstraum i Flåm som planlagt innan 2022.

Problemstillinga i Flåm er at investeringar, blant anna i miljøteknologi, i hamn og destinasjon ikkje kan realiserast som følgje av ekstraordinær uvisse knytt til framtidig trafikkgrunnlag, samt det at eigne finansieringsløysingar ikkje er etablert.

Så langt er det ikkje kome noko forsikringar kring investeringa eller løyvingar til Flåm i samband med Stortingsvedtaket. Det er usikkert kva tid første cruiseskipet kan segle inn til Flåm etter 2026, sjølv med landstraumanlegg på plass. For sjølv om det i dag finst nokre få skip som i dag kan ta i bruk landstraumanlegget, er det ifølgje cruiserederia sjøve og Aurland hamn, ikkje cruiseskip som kan segle inn i Nærøyfjordområdet etter 2026 sidan dei då må segle utsleppsfritt. Vidare er det usikkert kor lang tid det tek før det finst cruiseskip som kan segle utsleppsfritt inn til Flåm. Ifølgje NCE Maritime Cleantech kan ammoniakk og hydrogen vere tilgjengeleg frå rundt 2025 for kommersiell bruk, men skipa må truleg vere mindre enn dei store skipa som er i omløp i dag. Eit anna usikkerheitsmoment er kva tid cruiserederia er klar til å investere og bygge om skipa sine til nullutsleppsskip.

For Aurland hamnevesen og Aurland kommune er ei investering på 100 mill. kr ei svært stor investering med høg risiko. Risikoen er gjort større ved at det er stor uvisse knytt til kva tid ein kan få skip inn fjorden att, samt kor mange skip som då vil kome. I dag er denne risikoen lagt på kommunen og deira økonomi.

Det er derfor viktig at ein får regjeringa til å følgje opp Stortingsvedtaket om å sikre etablering av landstrøm i Flåm med midlar og garantiar. Det er ikkje offentleggjort informasjon om at dette arbeidet er i gong.

Det finst fleire framdriftssystem som ikkje har utslepp av klimagassar og andre skadelege gassar og partiklar. Til nærskipfart og kystfart er batterielektriske system godt utprøvd og det er venta at framdriftssystem basert på hydrogen vil bli tilgjengeleg til nærskipfart innan 2025. For større skip og skip som skal nå langt mellom kvar bunkring, så krevst det energiberarar med større energitettleik enn kva dagens hydrogen- og batteriteknologi kan tilby. I slike tilfelle kan ammoniakk vere aktuell. Samstundes er det sett i gang prosjekt som skal syte for å styrke verdikjedene for hydrogen og ammoniakk, med mellom anna infrastruktur for bunkring av grøn hydrogen og grøn ammoniakk.

Trafikken i Nærøyfjorden er variert. For at ei omstilling til nullutslepp allereie innan 2026 skal gje rom for å oppretthalde verdiskapingsgrunnlaget, vil det vere naudsynt med tilrettelegging for bruk av fleire nullutsleppsteknologiar. Ein bør vurdere å gjere greie for det heilskaplege omstillingspotensialet ved å sjå på teknologiane, deira venta mogningsgrad i 2026 og i kva grad desse teknologiane kan oppfylle behova til reiarlaga. Denne undersøkinga bør gjere greie for dei økonomiske konsekvensane for reiarlaga på både kort og lang sikt på bakgrunn av ulike rammetilhøve med omsyn til offentleg finansiering av infrastrukturiltak. Ei bør i tillegg sjå på regionale innovasjons- og verdiskapingspotensialet ved å lukkast med å etablere ei ny verdikjede for maritime nullutsleppsteknologiar i regionen.

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for næring har vedtakskompetanse.

#### Økonomi:

Vedtaket legg ikkje føringar på økonomien til fylkeskommunen, då ein ber om statlege midlar.

#### Klima:

Vedtaket bidreg til å redusere klimagassutsleppa i fylket og er med å styrkar satsinga på grøn omstilling.

#### Folkehelse:

Vedtaket fremmar arbeid og sysselsetting, som også er viktig i eit folkehelseperspektiv.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaket bidreg til å utvikle eit framtidretta Vestland og er i tråd med overordna føringar i utviklingsplanen.

Konklusjon

Det må frå statleg hald ytast ei støtteordning som gjer det forsvarleg å etablere landstraum i Flåm. Dette for å redusere risikoen i ein mellomperiode til ein har fleire cruiseskip som kan segle inn i verdsarvområdet utan utslepp. På det viset kan ein frå statleg hald følgje opp Stortinget sitt vedtak der ein bad regjeringa om å føreslå tiltak som sikrar verdsarvfjordane som anløpshamn for cruiseskip også etter 2026, mellom anna ved at staten sikrar etablering av landstrum i Flåm. Ein legg elles til grunn at fylkeskommunen vurderer innsats som skal legge til rette for ei berekraftig omstilling gjennom å stimulere til utvikling og bruk at nye teknologiske løysingar.

---

Saksnr: 2021/46394-1  
Saksbehandlar: Inge Døskeland

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for næring	71/21	26.10.2021
Fylkesutvalet		09.11.2021
Fylkestinget		15.12.2021

### Etablering av "Havbyen Bergen" som eit treårig prosjekt

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek eit treårig partnerskap med Bergen kommune om Havbyen Bergen som vist i saksframlegget
2. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal ha ein representant kvar i styret av Havbyen Bergen. Styret skal leiast av fylkesordførar. Næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.
3. Fylkesdirektør vert gitt fullmakt til å bidra til å slutføre prosess fram mot at samarbeidsavtalen om Havbyen Bergen vert vedtatt av dei respektive partane. Dette inkluderer fullmakt til å gjera mindre endringar og revisjonar av avtalen.
4. Fylkeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 - 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.
5. Vestland fylkeskommune si finansiering føreset at andre partnarar bidreg finansielt i samsvar med sluttrapport frå forprosjekt.
6. Rapport for prosjektet vert lagt fram for fylkestinget årleg. Prosjektdeltaking vert evaluert haust 2022 med omsyn til om ein lukkast med å hente inn eksterne økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå næringsliv og organisasjonar.

### Samandrag

Vestland fylkeskommune har samarbeida med Bergen kommune, samt andre private og offentlege aktørar knytt til havrelaterte aktivitetar på Vestlandet. Målet er å iverksette prosjektet Havbyen Bergen for å auke samhandling og profilering av byen og regionen. Fylkeskommunen bidrar med kr. 1 000 000 årleg i tre år for å drifte prosjektet. Det skal også opprettast eit styre der fylkeskommunen og kommunen skal ha ein representant kvar. Styret skal leiast av fylkesordførar, næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.

Rune Haugsdal  
fylkesdirektør

Bård Sandal  
avdelingsdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- 1 Havbyen Bergen, utdjupande informasjon
- 2 Referat Rundebordskonferanse
- 3 Presentasjon Rundebordskonferanse

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde i juni 2021 sak 37/21 følgende vedtak:

1. *Fylkestinget tek rapporten «Havbyen Bergen - sluttrapport fra arbeidsgruppa» til orientering.*
2. *Fylkestinget støtter at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, tek initiativ til at det blir etablert eit prosjekt som får ansvar for å utvikle «Havbyen Bergen». For 2021 vert det sett av 350.000 kr. Finansiering vert sett i samanheng med sak om overskotsdisponering, rekneskap 2020.*
3. *Fylkestinget ber administrasjonen komme tilbake til fylkestinget med ei sak som konkretiserer samarbeidet med Bergen kommune og prosjektet Havbyen Bergen, samt vidare finansiering frå 2022. Saka skal også omhandle korleis denne satsinga skal styrke og auke samhandlinga i heile regionen.*

I vedtaket over pkt. 1 støtta fylkestinget at Vestland fylkeskommune, saman med Bergen kommune, bidrar til at det blir etablert eit treårig prosjekt som får ansvar for å utvikle Havbyen Bergen.

Denne saka er oppfølging av vedtaket sitt pkt. 3.

Byrådet i Bergen har vore i førarsetet og samarbeida med Vestland fylkeskommune, samt andre private og offentlege aktørar frå bedrifter, næringsklynger, forvaltning, forskning og utdanningsmiljø for å konkretisera prosjektet. Denne saka er basert på felles saksgrunnlag med Bergen kommune.

### Prosjekt Havbyen Bergen

Føremålet med prosjektet er å fremme auka samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse i havnæringane med Bergen som sentral drivkraft. Det overordna målet er å lede an for eit berekraftig hav. Prosjektet blir oppretta ut frå ynskje både frå private og offentlege aktørar knytt til «hav» i Bergensregionen om utvida samarbeid på dette nivå for å sikre Bergen sin posisjon som «havby».

For å legge til rette for at prosjektet skal lukkast i å oppfylle formålet sitt, vert det i første omgang tilsett to personar i prosjektstillingar som kan drive eit havkontor og samarbeidsprosessane.

### Organisering

Havbyen Bergen sitt øvste organ er årsmøtet som blir leia av byrådsleiar i Bergen kommune. Det skal også opprettast eit styre der fylkeskommunen og kommunen skal ha ein representant kvar. Styret skal leiast av fylkesordførar, næringsbyråd skal vera nestleiar. Vidare er det lagt opp til etablering av valkomité, samt eit havkontor som står for den daglege drifta. I tillegg vil det bli oppretta fire arbeidsgrupper som arbeider med kvart sitt fokusområde: samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse.

Arbeidsgruppene og havkontoret er dei operative delane av prosjektet og heilt sentrale for at prosjektet skal få god framdrift og lukkast.

Det siste året har rundebordskonferansen i regi av byrådsleiar i Bergen kommune vore ein viktig møtestad for sentrale aktørar innanfor havnæringar i Bergensregionen. Rundebordskonferansen vert vidareført som eit eiga samarbeidsorgan utanfor prosjektet. Byrådsleiar kan kalle inn til rundebordskonferansar for å diskuterte eksempelvis havrelaterte problemstillingar opptil fleire gonger i året. Det er også mogleg å arrangere møter og liknande for alle aktørane innanfor rammene til prosjektet.

### Økonomiske konsekvensar

For å drive Havbyen Bergen bidrar Vestland fylkeskommune ved å støtte prosjektet med 1 000 000 kroner årleg i 2022, 2023 og 2024. Dette vert innarbeida i fylkeskommunen sitt forslag til økonomiplan som skal vedtakast i fylkestinget i desember 2021. Bergen kommune vil bidra med tilsvarende sum i den same tidsperioden. Dette er innarbeida i byrådet sitt forslag til budsjett for 2022 og handlings- og økonomiplan for 2022-2025 som skal bli behandla i bystyret i desember 2021.

Eitt av prosjektet sine første oppgåver vert å finne ein finansieringsmodell som også hentar inn økonomiske bidrag og/eller eigeninnsats frå andre offentlege aktørar og dei private aktørane i samarbeidet. Fylkestinget vedtok i første sak i juni 2021 at det vert sett av 350.000 kr til arbeidet

med å detaljere oppgåver og etablere endeleg finansieringsmodell for Havbyen Bergen. Desse midlane kan nyttast i første fase av prosjektet til å kartlegge ynskje og vilje frå næringslivet til å bidra økonomisk og med eigeninnsats i form av tidsbruk. Det kan også vera aktuelt å utgreie korleis fleire kommunar kan koplast på prosjektet.

I tillegg blir det arbeida med å hente inn midlar gjennom ulike verkemiddelordningar, eksempelvis skjønsmidlar frå Statsforvaltaren. Vidare bidrar UiB med kr. 500.000.

Prosjektet skal evaluerast etter tre år. Fylkesrådmannen vil komme tilbake til fylkestinget med anbefaling om prosjektet bør vidareførast eller ikkje basert på desse evalueringane. Dersom prosjektet vert vidareført vil dei økonomiske forpliktingane bli avklart i løpet av 2024. Vestland fylkeskommune og Bergen kommune kan avslutte samarbeidet undervegs i samarbeidsperioden, men dei tilhøyrande økonomiske forpliktingane vil gjelde ut det påfølgande året. Dersom partane ikkje lukkast med å få økonomiske bidrag og/eller eigensats til prosjektet frå andre offentlege og private aktørar, skal samarbeidet og prosjektets framtid evaluerast i løpet av hausten 2022.

### Utvida informasjon om organisering, innhald og mål er lagt i vedlegg 1.

#### Vedtakskompetanse

Reglement for folkevalde organ og delegering. Fylkestinget har ansvar for å fastsetje overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Organet har og ansvaret for den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Fykeskommunal finansiering vert handsama i samband med budsjett 2022/økonomiplan 2022 - 2025. Fylkestinget løyver kr. 1 000 000,- i budsjett 2022 og vil løyve kr 1.000.000.- årleg i 2023 og 2024 for finansiering av drift og administrasjon av prosjektet.

##### **Klima:**

Prosjektet har hovudmålsetting basert på auka berekraft og omstilling mot «grønt skifte»

##### **Folkehelse:**

Saka har ikkje særleg relevans for folkehelse.

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Alle berekraftsmål er relevante for prosjektet, men dei følgjande seks er spesielt relevante:

- Mål 2: Utrydde svolt
- Mål 7: Rein energi til alle
- Mål 9: Industri, innovasjon og infrastruktur
- Mål 13: Stoppe klimaendringane
- Mål 14: Livet i havet
- Mål 17: Samarbeid for å nå måla

Prosjektet stør opp under utviklingsplan i Vestland med omsyn til styrka regionalt samarbeid

#### Konklusjon

Fylkeskommunen bidrar med kr. 1 000 000 årleg i tre år for å etablere og drifte prosjektet Havbyen Bergen. Målet er å auke samhandling og profilering av byen og regionen innan det marine og maritime området. Det skal opprettast eit styre der fylkeskommunen og kommunen skal ha ein representant kvar. Styret skal leiast av fylkesordførar, næringsbyråd i Bergen kommune skal vera nestleiar.

## Havbyen Bergen, utdjupande prosjektinformasjon

Fokusområda og dei tilhøyrande måla for prosjektet er:

1. Samhandling
  1. Felles identitet, ansvar og kultur for samarbeid.
  2. Auka samhandling med forskning, utdanning, offentlege aktørar og næringsliv.
  3. Styrke samarbeidsarenaer og felles prosjekt.
2. Attraktivitet
  1. Auke tal etableringar av leiande bedrifter og oppstartsbedrifter.
  2. Tilgang til kapital, areal, infrastruktur, talent og kompetanse.
  3. Global kjennskap og preferanse til Havbyen Bergen.
3. Berekraftig vekst
  1. Auka omstilling, berekraftig verdiskaping og sysselsetting.
  2. Overføre kompetanse frå ikkje-fornybare til fornybare næringar.
  3. Sikre ivaretaking av anstendig arbeid for alle og likestilling mellom kjønna.
4. Kompetanse
  1. Verdas beste havforskningsregion.
  2. Relevant og attraktiv utdanning til havnæringane.
  3. Internasjonalt leiande kunnskapsbasert forvaltning og næringskompetanse.

I prosjektet sitt første årsmøte vil det fastsettast visjon, misjon, fokusområde og mål for prosjektet. Det vert tatt utgangspunkt i framlegg frå arbeidsgruppa.

### Oppgåver

Den første tida vil ein del tid gå med til å etablere prosjektet. Følgjande oppgåver er viktige i denne fasen:

- Etablere havkontor.
- Utarbeide samarbeidsavtale mellom aktuelle partar i Havbyen Bergen-prosjektet.
- Bygge opp prosjektorganisasjonen.
- Opprette arbeidsgrupper innanfor prosjektets fokusområde.
- Gjennomføre prosjektets første årsmøte.

Å etablere prosjektet er i seg sjølv eit viktig bidrag til arbeidet med å fremme auka samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse i havnæringane. I tillegg skal prosjektet i fram mot årsmøtet i april 2022 prioritere følgjande oppgåver:


- Ta ansvar for planlegginga av havveka One Ocean Week 2023 som skal arrangerast når Statsraad Lehmkühl kjem tilbake frå jordomseglinga i april 2023.
- Planlegge arrangement på Havdagen 8. juni 2022.
- Planlegge arrangement og deltaking på Arendalsuka 2022.

Prosjektet sitt første årsmøte skal fastsette prioriterte oppgåver knytt opp mot eventuelt endra visjon, misjon, fokusområde og mål.

### Styringsmodell/prosjektstruktur

Havbyen Bergen sine faste organ vert årsmøtet, valkomité, styre og eit havkontor som står for den daglege drifta. I tillegg vil det verte oppretta fire arbeidsgrupper som arbeider med kvart sitt fokusområde: samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse.





### Organisasjonsmodell Havbyen Bergen

#### Årsmøte:

Årsmøtet består av aktører som bidreg til berekraftig verdiskaping knytt til havet på Vestlandet. Aktørane i årsmøtet må signere samarbeidsavtale om prosjekt Havbyen Bergen som skal utarbeidast i tida før årsmøtet. Samarbeidsavtalen vil vise at aktørane støttar opp om visjon, misjon, fokusområde og mål, og forpliktar dei til eit økonomisk bidrag og/eller ein form for eigeninnsats (eksempelvis deltaking i arbeidsgruppe). Alle aktører som var invitert til rundebordskonferanse 4 1. oktober 2021 (vedlegg 2 og 3) vil verte invitert til å delta på prosjektet sitt første årsmøte. I tillegg vil det gå ut ein open invitasjon til første årsmøte slik at relevante aktører får moglegheita til å delta dersom dei ønskjer det

Den viktigaste oppgåva til årsmøtet er å fastsette strategi og dei økonomiske rammene for drift av prosjektet og velje styret på årsmøtet. I tillegg skal årsmøtet sette ned ein valkomité som foreslår styremedlem og medlem til valkomité i forkant av neste årsmøte.

Årsmøtet skal bestå at representantar for aktørane i prosjektet og det skal utnemnast personleg vara for den enkelte representant. Årsmøtet er avgjerdsdyktige dersom minst halvparten av medlemmane er representert. Avgjerder i årsmøtet blir treft ved alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal treff møteleiar avgjerda.

Ordinært årsmøte blir halde kvart år innan utgangen av april månad. Møtedato blir fastsett av styret med minst seks vekers skriftleg varsel til årsmøtet.

Dersom aktørane i årsmøtet ønsker å få behandla ei sak, må denne vere sendt til havkontoret seinast fire veker før årsmøtet. Dagsorden og saksdokument skal sendast til årsmøterepresentantane seinast to veker før årsmøtet.

Ekstraordinært årsmøte kan bli halde med minst tre vekers skriftleg varsel etter vedtak i styret eller når minst 15 aktører krev det skriftleg. Dagsorden skal bli lagt ved innkallinga.

Frå og med hausten 2022 må nye aktører bli godkjent av styret.

#### Valkomité

Valkomiteen har som oppgåve å foreslå styremedlem, samt forslag til medlemmar i valkomiteen. Valkomiteen skal bestå av tre medlem. Årsmøtet vel valkomiteens medlemmar og kven som skal lede den. Valkomiteen blir valt for to år av gangen, og det er mogleg å vera medlem over fleire to års periodar.

I påvente av at det første årsmøtet vert arrangert skal det nedsettast ein mellombels valkomité. Denne komiteen skal bestå av representant frå:

- Høgskulen på Vestlandet
- VIS Innovasjon
- Akvariet i Bergen

### Styret

Styret er valt av årsmøtet. Arbeidsgruppa har føreslått at eit styre skal bestå at sju eller ni personar.

Styret skal representera både offentlege organ, næringsliv og akademia/FoU. I tillegg bør styret søke å sikre balanse mellom dei fem havnæringane marin, maritim, reiseliv, fornybar og ikkje-fornybar energi. Det mellombelse styret skal bestå av fem personar for å sikre effektivitet fram mot første årsmøte, medan det ordinære styret skal bestå av sju eller ni personar for å sikre representativitet. Prosjektets første årsmøte skal avgjere om det skal vera sju eller ni personar i det ordinære styret.

Fylkeskommunen og kommunen skal ha ein representant kvar i styret. Styret skal leiast av fylkesordførar og næringsbyråd skal vera nestleiar. Dei tilsette i havkontoret skal ha ein representant med møte- og talerett. Det skal vera kjønnsbalanse i styret, ref. fokusområde og målanbefaling frå arbeidsgruppa.

Det skal peikast ut personleg vara for det enkelte styremedlem. I dei tilfella der eit styremedlem er politisk valt (til dømes næringsbyråd og fylkesordførar) følgjer vervet embete.

Styret har som oppgåver å:

- Sikre at prosjekt Havbyen Bergen er i stand til å løyse oppgåvene sine
- Ta avgjerder og gi avklaringar for det strategiske arbeidet i prosjektet.
- Godkjenne nye deltakarar i prosjektet frå og med hausten 2022.
- Godkjenne leiarane av og mandat for arbeidsgruppene.

Styret kan sette ned eit eige arbeidsutval om dei ser behov for det.

Styremøte blir arrangert når styrets leiar, medlem av eit eventuelt arbeidsutval eller minst to av styrets medlem finn det nødvendig. Dagorden og saksdokument skal sendast til styremedlem i rimeleg tid før styremøtet.

Styret er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmane er til stades. Avgjersler i styret blir treft ved alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal treff styrets leiar avgjerda.

Fram til prosjektet held sitt første årsmøte, skal prosjektet bli styrt av ei mellombels styre. Dette mellombelse styret består av:

- Vestland fylkeskommune v/ fylkesordførar
- Bergen kommune v/ næringsbyråd
- Bergen næringsråd
- Universitetet i Bergen
- NCE Maritime CleanTech/ GCE Ocean Technology

I tillegg møter ein representant for dei tilsette. Denne representanten har berre møte- og talerett, ikkje forslags- og stemmerett.

### Havkontor

Havkontoret har ansvar for det daglege arbeidet med Havbyen Bergen i tråd med føringar frå årsmøte og styret. Havkontoret har også ansvar for:

- Andre oppgåver som styret eller årsmøtet legg til havkontoret
- Administrativ støtte til arbeidsgruppene
- Sette opp årsrekneskap
- Utarbeide årsrapport
- Førebu saker til styret og årsmøtet
- Sekretærtjenester for styret og årsmøtet

Oppgåvene og økonomien til havkontoret må henge saman, og forventningane til kontoret må stå i stil med det økonomiske handlingsrommet.

Dei tilsette er formelt tilsett i prosjektstillingar i Bergen kommune. Det vil sei at Bergen kommune tek arbeidsgivaransvar for dei tilsette i prosjektet, at kommunen stiller med kontorfasilitetar og tek på seg det administrative ansvaret for prosjektet.

Sjølv om kommunen stiller med kontorfasilitetar vil det vera aktuelt for dei tilsette i havkontoret å hospitere hjå partnarane i prosjektet. Dette er ein god moglegheit for dei tilsette til å bli godt kjent med partnarane, samt for partnarane å få ein god kopling til havkontoret.

#### Arbeidsgrupper

Det blir i første omgang oppretta fire arbeidsgrupper som arbeider med kvart sitt fokusområde: samhandling, attraktivitet, berekraftig vekst og kompetanse

Leiarar for arbeidsgruppene blir utpeikt av havkontoret og godkjent av styret. Havkontoret og arbeidsgruppeleiarane utarbeider eit forslag til mandat for arbeidsgruppa som så blir godkjent av styret.

Arbeidsgruppene vel sjølv korleis dei ønsker å organisere arbeidet.

I tillegg kan havkontoret sette ned andre arbeidsgrupper og utpeike leiarar av eventuelt nye arbeidsgrupper dersom det er behov for det. Styret skal godkjenne leiarar og mandat for eventuelle nye arbeidsgrupper.

Havkontoret skal støtte opp om arbeidsgruppene sitt arbeid.

#### Rapportering

Arbeidsgruppene rapportera til havkontoret. Havkontoret rapportera til styret og styret til dei andre partnarane gjennom årsmøtet. I tillegg skal det bli utarbeida ein årsrapport.

#### Finansiering og varigheit/budsjett

I 2022 bidreg både Vestland fylkeskommune og Bergen kommune med kr. 1 000 000,- til ei stilling inkl. sosiale utgifter. Fylkeskommunen og kommunen skal bidra med tilsvarande beløp i 2023 og 2024. I tillegg skal dei andre aktørane i prosjektet bidra økonomisk og/eller gjennom eigeninnsats. Målet er å finansiere ei tredje stilling, samt at prosjektet får eit driftsbudsjett som gjer at det kan ta ansvar for større oppgåver og arrangement. I tillegg skal prosjektet hente inn inntekter gjennom nokre av tiltaka, eksempelvis fellesprosjekt, sponsor, deltaking på arrangement og eigeninnsats. Arbeidsgruppa foreslo at 70 prosent av finansieringa skulle komme frå det offentlege, medan 30 prosent skulle komme frå det private. Både fylkeskommunen og kommunen er einige i at det skal vera ei jamnare økonomisk fordeling. Vilje til finansiering frå det private vil bekrefte at prosjektet har nytteverdi og relevans ut over det offentlege verkemiddelapparatet.

Eitt av prosjektets første oppgåver er å finne ein finansieringsmodell som også hentar inn midlar frå andre offentlege aktørar og dei private aktørane i samarbeidet. Det mellombelse styret sitt forslag til finansieringsmodell skal leggast fram og behandlast på prosjektets første årsmøte i april 2023. Då skal det også leggast fram eit forslag på om og eventuelt fleire kommunar skal få tilbod om å kople seg på prosjektet.

Dersom partane ikkje lukkast med å få økonomiske bidrag og/eller eigensats til prosjektet frå det andre offentlege og private aktørar, skal prosjektets framtid evaluerast i løpet av hausten 2022.

Prosjektet skal evaluerast etter tre år. Då skal også organisatorisk plassering av prosjektet bli vurdert. Byrådet/fylkesrådmannen vil komme tilbake til fylkestinget/bystyret i løpet av 2024 med ei evaluering av prosjektet og ei anbefaling om prosjektet bør vidareførast eller ikkje. Dersom prosjektet blir vidareført vil dei økonomiske forpliktingane bli avklart i løpet av 2024.

#### **Fordeling av rollar og ansvar mellom fylkeskommunen og kommunen**

Samarbeidet mellom Vestland fylkeskommune og Bergen kommune skal legge til rette for at det blir etablert eit treåring prosjekt som kan tar ansvar for å utvikla Havbyen Bergen, samt sikre at prosjektet får rammene til å lukkast. Det er såleis viktig å fordele rollar og ansvar for ulike oppgåver mellom fylkeskommunen og kommunen.

#### **Fellesansvar:**

- Støtte prosjektet og bidra til langsiktig finansiering i 2022, 2023 og 2024.
- Arbeide for at andre sentrale aktørar knytt til havet i Bergensregionen på Vestlandet også bidreg med finansiering og/eller eigeninnsats til prosjektet.
- Vera aktive samarbeidspartnarar inn i prosjektet.

**Kommunen sitt ansvar:**

- Kommunen v/ byrådsleiar leiar årsmøte.
- Bidra med planlegging og gjennomføring av årsmøte inntil havkontoret er på plass og deretter dersom havkontoret har behov for bistand.
- Saman med Vestland fylkeskommune bidra med planlegging og gjennomføring av styremøte inntil havkontoret er på plass.
- Bergen kommune tar på seg arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette i prosjekt Havbyen Bergen.
- Bergen kommune stiller med kontorfasilitetar og tek på seg det administrative ansvaret for prosjektet.

**Fylkeskommunen sitt ansvar:**

- Fylkeskommunen v/ fylkesordførar leiar styret.
- Saman med Bergen kommune bidra med planlegging og gjennomføring av styremøte inntil havkontoret er på plass.
- Bidra med planlegging og gjennomføring av styremøte dersom havkontoret har behov for bistand.



## Referat fra rundebordskonferanse #4

**Sted:** Scandic Bergen City, møterom Dragefjellet  
**Tid:** Fredag 1. oktober 2021 kl. 12.00–13.30  
**Til stede:** Roger Valhammer, Trine Samuelsberg, Harm Christian Tolden, Richard Taule, Elin Sjødin Drange, Vidar Aarhus og Stine Mari Nyttun Leirdal (Bergen kommune), Aslak Sverdrup (Akvariet i Bergen), Johnny Breivik (Bergen Havn), Marit Warncke (Bergen næringsråd), Sara Sekkingstad (Bergensalliansen), Christina Scheildrop (Equinor), Per Sandberg (Fiskeridirektoratet), Tor Instanes (GC Rieber), Owe Hagesæther (GCE Ocean Technology), Peter Haugan (Havforskningsinstituttet), Gro Anita Fønnes Flaten (Høgskulen på Vestlandet), Ole Rasmus Øvretveit (Initiativ Vest), Tone Hartvedt (Invest in Bergen), Siv Remøy-Vangen (Maritime Bergen), Per Kristian Sebak (Museum Vest/Bergen sjøfartsmuseum), Irmelin Grønevik (The Ocean), Geir Mikalsen (NHH), Hans Kleivdal og Stian Anfinssen (NORCE), Jostein Hole Kobbeltvedt (Raftostiftelsen), Haakon Vatile (Stiftelsen Statsraad Lehmkuhl), Amund Måge og Gottfried Greve (Universitetet i Bergen), Kjartan Kramer (VIS), Jon Askeland (Vestland fylkeskommune)

---

### 1. Velkommen

Byrådsleder Roger Valhammer ønsket velkommen til møtet.

### 2. Kort status

Byrådsleder Roger Valhammer gikk kort gjennom bakgrunn og status for arbeidet knyttet til Havbyen Bergen.

### 3. Presentasjon av forslag til organisering av prosjekt Havbyen Bergen

Byrådsleder Roger Valhammer presenterte forslag til organisering av prosjekt Havbyen Bergen.

Se vedlagte presentasjon for mer informasjon.

### 4. Innspill og tilbakemelding

Deltakerne i rundebordskonferansen kom med innspill og tilbakemelding til forslag til organisering av prosjekt Havbyen Bergen. Innspillene og tilbakemeldingene blir tatt med i det videre arbeidet.

### 5. Orientering om One Ocean Week 2023

Byrådsleder Roger Valhammer orienterte om status for One Ocean Week 2023.

Se vedlagte presentasjon for mer informasjon.

### 6. Oppsummering og veien videre

Byrådsleder Roger Valhammer takket for møtet og spesielt for innspill og tilbakemelding knyttet til forslag til organisering av prosjekt Havbyen Bergen.

Endelig forslag til organisering blir presentert i de kommende politiske sakene som skal behandles i Bergen bystyre og fylkestinget i Vestland.

**Vedlegg:** Presentasjon fra rundebordskonferanse #4



# Havbyen Bergen

## Rundebordskonferanse #4

1. oktober



BERGEN  
KOMMUNE

# Agenda

1. Velkommen
2. Kort status
3. Presentasjon av forslag til organisering av prosjekt Havbyen Bergen
4. Innspill og tilbakemelding
5. Orientering om One Ocean Week 2023
6. Oppsummering og veien videre







# Kort status





# Kort status

- Bystyret og fylkestinget støttet i vår at Bergen kommune og Vestland fylkeskommune tar initiativ til å etablere et prosjekt som får ansvar for å utvikle Havbyen Bergen.
- Har arbeidet sammen for å konkretisere prosjektet.
- Ønsker deres innspill og tilbakemeldinger på vårt forslag.
- Ny sak til Bergen bystyre i november. Fylkeskommunen vil behandle tilsvarende sak i hovedutvalg for næring i oktober og deretter i fylkestinget i desember.





# Forslag til organisering av prosjekt Havbyen Bergen



	Okt.	Nov.	Des.	Jan.	Feb.	Mars	April
Rundebordskonferanse #4	■						
Politisk behandling, Bergen	■	■					
Politisk behandling, VLFK	■	■	■				
Etablere prosjektet		■	■	■			
Oppstart og første fase av prosjektet				■	■	■	■
Mellombels styre			■	■	■	■	■
Årsmøte							■

# Visjon, formål og målsettinger

<b>Visjon</b>	Lede an for et bærekraftig hav (Pioneering a Sustainable Ocean)			
<b>Formål</b>	Fremme økt samhandling, attraktivitet, bærekraftig vekst og kompetanse i havnæringene med Bergen som sentral drivkraft			
<b>Fokusområder</b>	<b>FNs bærekraftsmål</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Samarbeid for å nå målene (17)</li> <li>Livet i havet (14)</li> <li>Stoppe klimaendringene (13)</li> <li>Industri, innovasjon og infrastruktur (9)</li> <li>Ren energi til alle (7)</li> <li>Utrydde sult (2)</li> </ul>			
	<b>Samhandling</b>	<b>Attraktivitet</b>	<b>Bærekraftig vekst</b>	<b>Kompetanse</b>
<b>Mål</b>	• Felles identitet og kultur for samarbeid	• Øke antall etableringer av ledende bedrifter og oppstartsbedrifter	• Økt omstilling, bærekraftig verdiskaping og sysselsetting	• Verdens beste havforskningsregion
	• Økt samhandling mellom forskning, utdanning, offentlige aktører og næringsliv	• Tilgang til kapital, areal, infrastruktur, talent og kompetanse	• Overføring av kompetanse fra ikke-fornybare til fornybare næringer	• Relevant og attraktiv utdanning til havnæringene
	• Styrke samarbeidsarenaer og felles prosjekter	• Global kjennskap og preferanse til Havbyen Bergen	• Sikre ivaretagelse av anstendig arbeid for alle og likestilling mellom kjønnene	• Internasjonalt ledende kunnskapsbasert forvaltning og næringskompetanse




# Prosjektstruktur

Årsmøte	50+ medlemmer	Består av aktører som bidrar til bærekraftig verdiskapning knyttet til havet på Vestlandet. Viktigste oppgave er å fastsette strategi og de økonomiske rammene for prosjektets drift og velge styre.
Styre	7-9 medlemmer	Medlemmer valgt av årsmøtet som representerer det offentlige, næring, akademia og forskning. Tar beslutninger og gir avklaringer for det strategiske arbeidet i prosjektet.
Valgkomité	3 medlemmer	Ansvarlig for å foreslå styremedlemmer og valgkomité for årsmøtet.
Havkontoret	2 medarbeidere	Rapporterer til styret. Ansvarlig for å realisere, strategi, mål og tiltak.
Arbeidsgrupper	Fire valgte ledere og variabelt antall medlemmer	I første omgang fire arbeidsgrupper som arbeider med hvert sitt fokusområde: samhandling, attraktivitet, bærekraftig vekst og kompetanse. Rapporterer til havkontoret.



# Prosjektstruktur



# Årsmøte

- Fastsetter strategi og de økonomiske rammene for prosjektet.
- Velger styre og setter ned valgkomité som foreslår styremedlem.
- Velger ledere av de fire arbeidsgruppene.
- Ordinært årsmøte arrangeres årlig innen utgangen av april.
- Blir ledet av byrådsleder.



# Styre

- Består av sju eller ni medlem og blir valgt av årsmøtet.
- Oppgaver:
  - Sikre at prosjekt Havbyen Bergen er i stand til å løse oppgavene sine.
  - Ta avgjørelser og gi avklaringer for det strategiske arbeidet i prosjektet.
  - Godkjenne nye deltakere i prosjektet (fra og med høsten 2022).
  - Sette ned eventuelle nye arbeidsgrupper.
- Midlertidig styre frem til første årsmøte:
  - Vestland fylkeskommune v/ fylkesordfører Jon Askeland (leder)
  - Bergen kommune v/ næringsbyråd Erlend Horn (nestleder)
  - Universitetet i Bergen
  - Bergen næringsråd
  - NCE Maritime CleanTech





# Valgkomité

- Består av tre medlem og blir valgt av årsmøtet.
- Skal foreslå styremedlem, samt medlemmer til valgkomitéen.
- Det vil bli nedsatt en midlertidig valgkomité frem til første årsmøte gjennom de politiske sakene.



# Havkontor

- Ansvar for det daglige arbeidet med Havbyen Bergen i tråd med føringer fra årsmøtet og styret. Dette innebærer blant annet:
  - Utføre oppgaver som styret eller årsmøtet legger til havkontoret.
  - Administrativ støtte til arbeidsgruppene.
  - Sette opp årsregnskap.
  - Utarbeide årsrapport.
  - Forberede saker til styret og årsmøte.
  - Sekretær for styret og årsmøte.
- I første omgang blir to personer ansatt i Bergen kommune.



# Arbeidsgrupper

- Samhandling
  - Attraktivitet
  - Bærekraftig vekst
  - Kompetanse
- 
- Årsmøtet velger lederne av de fire arbeidsgruppene.
  - I tillegg kan styret sette ned andre arbeidsgrupper dersom det er behov for det.



# Oppgaver for prosjektets første fase

- Etablere havkontor.
- Bygge opp prosjektorganisasjon.
- Opprette arbeidsgrupper innenfor prosjektets fokusområdet.
- Utarbeide forslag til finansieringsmodell.
- Ferdigstille samarbeidsavtale mellom partene i prosjekt Havbyen Bergen.
- Gjennomføre prosjektets første årsmøte.
- Planlegge One Ocean Week 2023 (mer informasjon om arrangementet senere i møte).
- Planlegge arrangement på havdagen 8. juni 2022.
- Planlegge arrangement og deltakelse på Arendalsuken 2022.



# Økonomi og varighet

- Vestland fylkeskommune og Bergen kommune bidrar med 1 000 000 kroner årlig i 2022, 2023 og 2024 (avhenger av positivt vedtak høsten/vinter 2021)
- UiB bidrar med 500 000 kroner i 2022, 2023 og 2024.
- For å bekrefte prosjektets nytteverdi ønsker vi i tillegg økonomisk bidrag og/eller egeninnsats.
  - Målet er å finansiere en tredje stilling, samt sikre prosjektet et solid driftsbudsjett
  - Det midlertidige styret vil legge frem forslag til finansieringsmodell på årsmøtet i april 2022.
  - Dersom vi ikke lykkes med å få inn finansiering og/eller egeninnsats må vi vurdere prosjektets fremtid høsten 2022.
  - Prosjektet skal evalueres etter tre år og vil skal gi en anbefaling til bystyret og fylkestinget i løpet av 2024 om prosjektet bør videreføres.



# Innspill og tilbakemelding



# One Ocean Week 2023



- 15.–21. april 2023
- Fem til syv dager med konferanser, møter, arbeidsverksted og ulike aktiviteter i Bergen
- Skape oppmerksomhet og dele kunnskap om den viktige rollen havet har for bærekraftig utvikling i et globalt perspektiv.

# ONE OCEAN WEEK

Meld dere på nyhetsbrev via  
<https://oneoceanweek.com/>





# Havuken 2023

## One Ocean Week 2023

Lørdag 15. april	Søndag 16. april	Mandag 17. april	Tirsdag 18. april	Onsdag 19. april	Torsdag 20. april	Fredag 21. april
Statsraad Lehmkuhl ankommer Bergen		High level meeting: Havbyenes rolle og ansvar for et bærekraftig hav				
Folkefest i Bergen?		The Ocean				
		International Symposium on Effects of Climate Change on the World's Oceans Ecosystem				
	Offisiell mottakelse i Håkonshallen	«Get toghether» for delegate og konferansedeltakere				
Opplevelsespakker og bedriftsbesøk i Bergen om regionen						

- Arbeidet koordineres av et midlertidig styre.
- Vi ønsker gjerne at flere relevante arrangement blir lagt til uken, så send gjerne inn "tips" til aktører vi bør ha kontakt med.

# ONE OCEAN WEEK

- Ideer? Kontakt Richard Taule.



# Høynivåmøte

Høynivåmøtet vil sette søkelys på den viktige rollen som havbyene og -regionene har i å skape det havet vi trenger for den fremtiden vi ønsker.

Møtet vil også settes søkelys på det ansvaret byer og regioner må ta for å beskytte havet for nåværende og fremtidige generasjoner i lys av de økonomiske, sosiale og miljømessige dimensjonene i FNs bærekraftsmål.

Høynivåmøtet vil samle lokale og regionale beslutningstakere på høyt nivå fra alle de 36 havnene som One Ocean Expedition besøker.

Målet er å levere et felles løfte om at vi sammen skal skape havet vi trenger for fremtiden vi ønsker.



# Oppsummering og veien videre

